



– Me treng action og humor på nynorsk!

– Nynorsken er for alvorleg og seriøs, seier Roald Kaldestad ved Falturiltu.

SIDE 10–11



Ytringsfridomsprosjektet nynorsk

Ytringsfridomskommisjonen har oversett sambandet mellom språk, makt og fridom, skriv Runar Bjørkvik Mæland.

SIDE 26–27



– Nynorsk er naturleg i Bergen

– Dei redaksjonane som i dag har forbod mot nynorsk, vil gå glipp av mange gode talent, seier Sølve Rydland.

SIDE 6–7

Norsk Tidend

nr. 1
februar 2023

medlemsblad for Noregs Mållag

Over 15 000 andre året på rad

Les kva som blir dei viktigaste sakene for Mållaget i 2023.

Side 5



Mediet er bodskapen

NT Arne Johan Vetlesen skreiv i Klassekampen at studentar finn det vanskelegare å lese lengre tekstar og halde merksemda i førelesingar no enn for 10 år sidan. Forskinga stør opp om opplevinga hans: Me blir eksponerte for stadig meir informasjon og inntrykk gjennom kvardagen. Og ein kan måle at konsentrasjonen vår har blitt gradvis dårlegare dei siste 150 åra.

NT «The medium is the message» hevda den kanadiske kommunikasjonsforskarer Marshall McLuhan. Med det meinte han at korleis eit medium kommuniserer er viktigare enn kva innhald det kommuniserer. Det er først når ein har sett korleis verdiar, normer og handlingar endrar seg som følgje av teknologi at ein forstår dei sosiale implikasjonane av han. Me er heilt klart begynt å sjå konsekvensane av den digitale revolusjonen på godt og vondt.

NT Skriftkulturen har i tusenvis av år vore den viktigaste kjelda for overføring av tradisjon, kunnskap og opplevingar. Dersom McLuhan har rett, vil kommunikasjonsformene som har oppstått som følge av digitaliseringa, halde fram med å ha store konsekvensar for korleis me forstår verda. Internett formar rett og slett korleis me tenker.

NT Digitaliseringa er kome for å bli, og det gir oss mange moglegheiter. Det er mykje nyttig som kan bli bevart og gjort tilgjengeleg gjennom digitalisering. Likevel må me spørje oss: Kva gjer dårlegare konsentrasjon med evna vår til å følgje lengre resonnement? Kva skjer med førestellingsevna og kreativiteten vår når me ikkje lenger dannar eigne bilete, men får servert ferdig laga audiovisuelle framstillingar?

NT I Sverige har dei no varsla at elevane skal tilbake til skrivning og lesing på papir. Og det under 10 år sidan papirbøkene blei erstatta med iPad. Skuleministeren kallar skjermeksperimentet for mislukka. På same måte som Spotify gjorde vinylplata populær igjen, vil skjermbruken få ein fullanalogue motreaksjon kva gjeld lesing og skrivning?

MEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

Tilskrift: Lilletorget 1, 0184 OSLO

Redaktør: Vemund Norekvål Knudsen

I redaksjonen:
Hege Lothe, Erik Grov

Heimeside: www.nm.no

Abonnement: 250 kroner per år

Utforming: Audun Skjervøy, Språksmia AS
smia@spraksmia.no

Det er ikkje lett å vere nynorskbrukar på internett. Mindretalsulempene blir større og fleire, og **bokmålsveldet rår**.

Det mørke bokmålsnett

INTERNETT HAR KOME for å bli. Det opnar verda og både spreier og jamnar ut tilgangen på kunnskap og informasjon. Det kan gjere kvardagen vår enklare, men dess meir det grip inn i liva våre dess meir sårbar blir vi. Kven eig personopplysningane dine? Kven eig sanninga?

SOM MED DEI fleste større straumdrag i samfunnet, forsterkar også den digitale utviklinga dei mindretalsulempene nynorskbrukarane møter kvar dag. Det er lett å kjenne seg dum i møte med den smarte teknologien. Den er ikkje alltid så smart, likevel, og det som skulle bli enklare blir fort veldig vanskeleg.

DET ER FINT å kunne styre lyset og varmen i heimen og på hytta frå telefonen sin. Skal du høyre på musikk kan du snakke til ein talestyrt høgtalar som kommuniserer med ei strøymeteneste. Men det hjelper lite om dei ikkje forstår dialekta di. Det finst knapt ei teneste verken frå private eller det offentlege Noreg som ikkje er digitale. Berre eit fåtall av desse er på nynorsk. Det er bokmål og engelsk som dominerer internett i Noreg. Som om det ikkje var nok bokmål i liva våre frå før.

DEI MEST DRAMATISKE følgjene av denne utviklinga ser vi i klasseromma. Berre fantasien set grenser for læringspotensial digitale verktøy og ressursar gjev elevane. Det er avgjerande – og forventa – at elevane utviklar digital kompetanse. Styresmaktene treng også digital kompetanse – ikkje minst om korleis vi skal setje grenser i det digitale. No rokkar kunstig intelligens (KI) ved heile ideen om utdanning. Det kan skrive, tenkje, analysere og drøfte for elevane – ofte betre enn både elevane og lærarane sjølve. Kunnskapsminister Tonje Brenna (Ap) meiner vi må «omfamne ny teknologi». Ho sa til VG at ho ikkje er så uroleg for at elevane vil bruke KI til å jukse, i ei sak om Andre Holm Tanderø som hadde vist kor enkelt det var for elevane å bruke KI til å jukse.

Nettbrett, smarttavler, omsetjingsprogram og digitale læremiddel dominerer norske klasserom, og knapt noko av det finst på, eller forstår, nynorsk. Elevane får raude strekar under nynorske ord dei har skrive rett.

LEIARTEIEN



PEDER LOFNES HAUGE


Leiar i Noregs Mållag

SJØLVSAGT SKAL VI «omfamne ny teknologi». Vi må gjerne utforske og forstå teknologien saman med elevane. Det bør brukast i lærings situasjonar, men ikkje på sjølvstyr som i dag, utan omsyn for at den digitale skulekvardagen råkar nynorskelevane hardast, og gjev dei ei dårlegare lese- og skriveopp-læring enn bokmålslevane får. På internett blir nynorskelevane tvinga til å bruke bokmål.

EG OMFAMNAR UNGANE mine og, men ikkje utan kontroll på kva dei kan og ikkje kan, eller med grenser for kva dei kan gjere og ikkje gjere. Det gjer meg ikkje mindre framtidsoptimistisk på deira vegner. Tvert i mot. Den naive tilnærninga styresmaktene, over tid og i skiftande regime, har hatt til ny teknologi og digitale løysingar må endre seg. Det hjelper ikkje å vere teknologioptimist om ein ikkje syter for at det nye blir betre.

SKAL NYNORSKELEVANE FÅ innfridd retten til opplæring på eige språk, må dei ha same rett til og tilgang på digitale læremiddel som bokmålslevane. Det må vere krav om nynorskversjon av dei læremidla, læringsressursane og digitale verktøya som faktisk blir brukte i klasserommet. I dag er lovteksten for snever. Det må lovfestast at skulane berre kan bruke skriveprogram som støyr nynorsk, utan atterhald. Dette kan Brenna og regjeringa hennar sikre når dei denne våren sender ny opplæringslov til Stortinget.

REGJERINGA STYRER PÅ ei nynorskvenleg plattform. No må dei vise at dei forstår at det krevst politisk handling for å jamne ut det skeive tilhøvet mellom bokmål og nynorsk, også i skulen. I dag får marknadskreftene spele fritt, kjøttvekta telje og fleirtalsmakta rå. Det er kanskje tida vi lever i, men særleg sosialdemokratisk er de neppe. Dessutan er



BEKLAGER, JEG FORSTÅR IKKE HVA DU MENER MED "MEN HARRLIGA LONDON, DIN HELSIKES SALIKATT".

Illustrasjon: Kjartan Helleve

det stikk i strid med føremålet i den nye språklova. Opplæringspolitikk er språkpolitikk, og den skal styrast av styresmaktene i Noreg, ikkje av private IT-gigantar i California.

NORSK SKAL VERE det samfunnsberande språket på alle område i Noreg. Då må vi forstå teknologien, korleis vi kan setje rammer for bruken, og ikkje minst korleis vi kan sikre at vi alle kan leve enklare og betre liv på internett - også på nynorsk.

Skal nynorskelevane få innfridd retten til opplæring på eige språk, må dei ha same rett til og tilgang på digitale læremiddel som bokmåselevane.

Retting

Eg må kome med ei retting til artikkelen om Fonna forlag som blei trykt i *Norsk Tidend* 05.22. I saka kunne ein lese at Fonna forlag har gjeve ut 589 titlar. Ein kunne også lese ei parafrasering av eit sitat frå Hans Aarnes.

Kjeldene for både titlane og sitatet er henta frå boka *Bokhistorier* utgjeven på Grepstad skrivi i 2022. Dette burde sjølv-sagt vore skrive som kjelder i artikkelen.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Det bør vere eit sjølv-sagt prinsipp at norsk skule skal styrast av norske styresmakter, og ikkje av private teknologigigantar i USA.

**Peder Lofnes Hauge,
leiar Noregs Mållag**

Tror dere spøkelser som bruker nynorsk sier «bauuuu» istedenfor «bøøø» ???

@danieelhomme på Twitter

Kjære redaksjon. I nokre månader no har me halde ut med at den faste teikneserien på siste side har vore Pondus av Frode Øverli. At humoren hans til tider er grov og at handlinga finn stad på ein pub er no so si sak, men at dialogen er på bokmål, det er verkeleg bak mål! I desse tider mistar nynorsken stadig meir og meir tereng, men at lokalavisa Hallingdølen skal gje seg med på denne utrydninga hadde eg ikkje sett for meg. Me vil ha att Hårek den Hardbalne, for sjølv om vitsane hans av og til er heilt uforståelege, er dei i det minste på nynorsk!

**Sigridur Helene Hyldetoft Teppen
i Hallingdølen**

– Går det an å leve av å synge på nynorsk?

– Ein blir ikkje rik, men eg har levd – og lever – veldig godt.

**Olav Stedje
til Firda**

Ellers er det verd å merkje seg at Kong Harald stort sett nyttar nynorsk i offisielle gratulasjonar, men bokmål i offisielle kondolansar

**Peder Lofnes Hauge
på Facebook**

Nynorsk er ikkje ei ulempe, det er eit val.

**Ivar Barstad, IT-guru,
til Vest-Telemark blad**

– 6. januar skriver viseformann i Bokmålsforbundet: Spar oss for nynorsk i Bergensavisen.

– Han er så forarget over at BAs nyansatte politiske redaktør skriver på nynorsk. Jeg har et forslag til bokmålsmannen: les Donald Duck. Der har jeg ikke sett noe nynorsk ennå.

Lesar i BA

– Du skriver nynorsk. Praktiserer du det også som arbeidsspråk?

– Ja, absolutt. Bokmål driver jeg ikke med, slår han fast.

**Eirik Holmøyvik
til khrono.no**

Vi ønsker oss en mangfoldig redaksjon, vi oppfordrer personer med minoritetsbakgrunn og nynorskbrukere spesielt til å søke.

Universitas



Gunnar Ottne blir intervjuet av NRK under Nynorskstafetten i 2013.

Foto: Noregs Mållag

Minneord om Gunnar Ottne

■ Natt til 8. januar 2023 døydde Gunnar Ottne på Halden helsehus. Han vart 81 år gamal.

Gunnar vart fødd 8. juli 1941 i Sarpsborg. Heile livet var han sterkt knytt til heimbyen. Han var byrg av arbeidarmiljøet der, og det kom til å setje preg på korleis han såg på saker og ting seinare i livet. Far hans var skulemann, med politisk engasjement, og denne farsarven lyfte Gunnar fram. Gunnar tok seg òg mykje av mor si Dagny, like til ho døydde i 2009. Gunnar var einbarn og gifta seg aldri.

Studiedagane hadde Gunnar i Bergen. Der tok han hovudfag, og emnet hans var bøkene til telemarkingen Vetle Vislie. Gunnar var 68-år, sosialismen var eit heitt tema, og han kom til å kaste seg inn i lagsliv og meiningsbryting med liv og lyst. Gunnar var tidleg modig i diskusjonane og sparte seg ikkje. Han var i alle år frittalande, kvass og spanande å høyra på når han greip ordet. Gunnar var raus andsynes

folk han var usamde med.

Målarbeid mellom ungdommen vart ei hovudsak for Gunnar, og det heldt han i grunnen på livet ut. Han fór ikring på Vestlandet på moped og skipa Norsk Student- og Elevmållag der han kom og fekk samla ungdom. Han vart ein reisande i målsak, ein raud tråd i livet hans.

Gunnar fekk mange år med lærargjerning på ymse stader i Noreg: Hjelmeland, Kjøllefjord, Hof i Vestfold, Børresen skule i Drammen og ikkje minst ein lang bolk i Hurdal. I det heile låg skulesaker Gunnar sterkt på hjartet. Som austlending og målmann evna han å bryte ned fordomar og vanetenking som at nynorsk ikkje høver allstad.

Fotball og bryting var òg viktig for honom. Han var fotballdomar mesteparten av livet, vyrd og lett på foten, og han var instruktør og skipa kurs i fotballdøming. Han fekk òg prisar for idrettsarbeidet sitt.

Målpolitisk stod Gunnar midt i

rørsla. Det var ikkje så lett å setje merkelappar på han. Han rekna seg nok korkje for «samnorsk» eller «høgnorsk». Tyskfilologen i han sette pris på reglar og system, og han hadde sans for arbeidet til Arvid Langeland, endå han ikkje valde plent dei same formene som stod i den normalen. Han kom likevel til å stå målungdomen og høgnorskingane nær i mange år. Han tykte nok desse ungdomane var vel «fanatiske» og «sektariske» stundom, men i tider då vaksne målfolk uroa seg for målsynet som rådde mellom dei unge, heldt Gunnar fram med kontakten, rettleidde og diskuterte. Det var verdfullt og viktig.

Gunnar var ein raud målmann og førte på ymse vis vidare lina frå Olaus Fjørtoft, Per Sivle og Torolv Solheim, for berre å nemna nokre viktige namn på den kanten.

Gunnar Ottne sat to år i styret i Noregs Mållag i 1998 og 1999. Det var likevel Noregs Lærarmållag

som var ei hovudsatsing for Gunnar innanfor målrørsla. Han var med i andre lag òg: Øvre Romerike Mållag, Drammen og Eiker Mållag, Buskerud Mållag, Østfold Mållag og Sarpsborg Mållag. I 2013 då Noregs Mållag og Norsk Målungdom la ut på eit år med Nynorskstafett, var Gunnar Ottne ein av dei som var velkomstkomite i Sarpsborg, og vart intervjuet i både avis og TV. Gunnar var ei drivande kraft i Lærarmållaget. Der samarbeidde han òg tett med studiekameraten og venen Anders Eikenes. Gjennom mange, mange år var Gunnar utsending frå Lærarmållaget på landsmøta i Noregs Mållag. Det er mange som kan hugse dei imponerande presise, effektive og klare målpolitiske innlegga til Gunnar, som til overmål alltid heldt taletida på sekundet.

Vi minnest Gunnar Ottne, livet hans og arbeidet hans, i vyrdnad og takksemd.

PEDER LOFNES HAUGE

Til minne om Gunnar Ottne

■ 8. januar døydde Gunnar Ottne. Han var fødd i Sarpsborg der faren var rektor på yrkesskulen.

Målengasjementet hans byrja for alvor i 1970 då han kom med i arbeidsutvalet til Noregs Student- og Elevmållag i Bergen. Med seg i dette styret hadde han Ola E. Bø og Oddbjørn Bukve. I den tida han var leiar i arbeidsutvalet til NSEM i Bergen, vitja han mange vidaregåande skular på Vestlandet. Han tok seg fram, på moped, frå skule til skule.

Eg kan hugsa at han kom til Øystese og innleidde om landbruks- og distriktspolitikk. Då realskule- og gymnaselevane i Øystese ville streika for nynorske lærebøker, var dette noko som Gunnar støtta heilhjarta. «Eg høyrrer det skjer store ting i Øystese,» sa han til meg då målungdomen var samla til

landsmøte på Fantoft i Bergen i slutten av mars i 1971.

I Øystese vart det i mai 1971 sett ned ei aksjonsnemnd for nynorske læremiddel som fekk til ein punktemonstrasjon, ein times proteststreik 10. september. I framhaldet av denne steiken, som m.a. fekk toppoppslag på framsida av *Bergens Tidende*, skipa aksjonsnemnda i Øystese til eit samrådsmøte 10. oktober med 40 utsendingar frå 26 ulike skular. Med på møtet var Paul Midtlyng frå Norges Gymnasiastsamband (NGS).

Det er rett å seia at det var eit godt samarbeid mellom aksjonsnemnda i Øystese, der Ottar Wiik var leiar, sentralstyret NSEM i Oslo, der Ola Svein Stugu var leiar, Noregs Mållag, der Steinar Lægred var leiar, og distriktstyret i Bergen med Aslak

L. Helleve som leiar. Dette samarbeidet var sterkt medverkande til at læremiddelsaka for alvor vart sett på dagsordenen.

At Norges Gymnasiastsamband med leiaren John Olav Egeland kom med, var nok og sterkt medverkande til at læremiddelaksjonen fekk så stor tilslutning.

28. oktober 1971 aksjonerte 30 000 elevar frå 80 ulike skular for nynorske læremiddel. Og sjølv om Gunnar gjekk ut or distriktstyret på Fantoft-landsmøtet, arbeidde han trottug vidare for målsaka og nynorske læremiddel den hausten.

Streiken var m.a. planlagt på den fyrste målungdomsleiren på Vinstra sommaren 1971. Og der var

Gunnar ein aktiv deltakar, minnest eg.

Aslak L. Helleve fortel at Gunnar hausten 1971 hadde meir eller mindre fast tilhald i lokala til Duplotrykk.

På dette venstreradikale trykkjeriet vart flygeblad og anna informasjonsmateriell kopierte og sendt ut til skular og målungdomslag.

I dagboka mi 21. september skreiv eg: «Ottne, Kjærlaus Pederesen, Sigve Gramstad pluss ein frå Oslo her på Voss i samband med læremiddelaksjonen. Ottne, Hermund Slaattelid og meg snakka med folk på gymnaset. Kjærlaus på jordbrukskulen.»

Gunnar var ein som sette kveik i ungdomar kringom på skulane, og han fekk det til å fata.

Om Gunnar Ottne har eg berre god minne.

KNUT O. DALE

Det endelege medlemstalet i Noregs Mållag for 2022 enda på 15 046. Mållaget er med det over 15 000 medlemmer for andre året på rad. Det er det **tredje høgste medlemstalet** i nyare tid, berre slått av 1987 (15 431) og 2021 (15 483).

Nynorskvind bles over storbyane



VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – Godt nytt år, Peder Lofnes Hauge, og gratulerer med over 15 000 medlemmer andre året på rad!

– Takk! Det er stor stas – og viser at mållaget blir oppfatta som like viktige som vi er. Dess fleire vi er dess meir makt kan vi stille bak krava våre, og veksten i seg sjølv er eit uttrykk for at vi har vind i segla. Det skal ein ikkje undervurdere - særleg ikkje i møte med styresmaktene.

– Kven er den gjennomsnittlege medlemmen i Noregs Mållag? Kvar bur hen, kor gamal er hen osv.?

– Ho er kvinne, 61 og eit halvt år og bur i Oslo. Men ein ting som er veldig kjekt med medlemsveksten er at den kjem over heile landet. Nynorsk er eit språk for heile Noreg.

– Kvar har medlemsveksten vore størst?

– Sidan 2019 har den prosentvise veksten vore størst i Sunnmøre Mållag og Sogn og Fjordane Mållag (19,4 og 18,7 prosent auke). Vikværingen, Trønderlaget og Hordaland har alle over 15 prosent auke på same tid. Dessutan har Løvebakken Mållag gått frå 13 til 33 betalande medlemmer dei siste to åra.

– Eg må likevel vere litt kritisk: I år enda medlemstalet på 15 483. Med 15 046 i 2022 er det jo ein nedgang frå 2021 fjor. Er det ein siger?

– Ja, det vil eg seie. 2022-tala skriv seg inn i ein trend dei siste åra der vi aukar jamt, og så er det viktig å hugse på at 2021 var eit ekstrem-år der vi brått fekk 1500 medlemmer på ei lita veke etter den vulgære FpU-kampanjen «F**K NYNORSK».

– Kva meiner du er hovudgrunnen til at Noregs Mållag har det høgste medlemstalet sidan 80-talet?

– Det er fleire grunnar til dette. Først og fremst er dette noko vi har jobba systematisk med over fleire år, og vi ser at vervearbeidet gjev resultat. Vi merkar særleg tilsig når nynorskbrukarane kjenner på at språket deira er under press. Då kjem dei til mållaget for hjelp - og det gjer dei rett i. Og så håpar eg jo



KLAR TIL STRID: Mållagsleiar Peder Lofnes Hauge peikar på opplæringslova som den viktigaste saka i år. Med 15 000 medlemmar bak seg for andre året på rad, er den jobben enklare.

Arkivfoto: Noregs Mållag

at vi blir sett på som ein viktig aktør som klarer å levere resultat.

– Kva er du mest fornøgd med å få gjennom i året som har gått?

– Eg trur det eg er mest nøgd med var eit vellukka landsmøte som vedtok både nytt prinsippprogram og nytt fireårig arbeidsprogram. Det var eit arbeidsintensivt landsmøte, men det var veldig kjekt å møtast igjen slik etter eit par år med koronapandemi og nedstengingar. Det er nok fredstid i mållaget, men det er definitivt vilje til strid, og politikken vi utvikla saman i fjor, er både offensiv og ambisjos på vegne av nynorsken.

– Statsbudsjettet for 2023 kan ikkje akkurat bli sagt å vere eit nynorsk budsjett: Hovudkravet frå dei 17 nasjonale nynorskorganisasjonane var ei auka løyving til Noregs Mållag, men det fekk ein altså ikkje gjennom, for å nemne noko. Har du trua på at høgt medlemstal for andre året på rad vil gje resultat i neste års statsbudsjett?

– Eg har ikkje berre tru på det, eg forventar det. At eit samla nynorsk-miljø peikar på auka løyving til mållaget som det viktigaste tiltaket på kulturbudsjettet er noko regjeringa ikkje kan sjå forbi. Med ei ny språklov som gjev det offentlege nye krav er mållaget viktigare enn nokon sinne - ikkje minst for å sørge for at styresmaktene når sine eigne språkpolitiske ambisjonar.

– Kva blir dei viktigaste målsakene i år?

– Det som nok kjem til å ta mest tid er den nye opplæringslova. Ho kjem til Stortinget rundt påske, og vår jobb blir å passe på at det blir ei lov som er best mogleg for dei sårbare nynorsklevane. Dei må få ei like god lese- og skriveopplæring som bokmålslevane - og då må lova spegle den digitale røyndomen klasseromma.

– Og kva saker meiner du blir viktige saker på sikt?

– Vi må halde trykket oppe når det gjeld nynorsk i barnehage og skule. Det er i skulen nynorskbru-

karane fell i frå - fordi mindretalslempene blir for store. Men det er også ei stor utfordring å sikre nynorskbrukarane i eit stadig meir digitalisert samfunn. I ei tid der vi brukar telefonen til det meste, og det meste skjer på internett, er det avgjerande at programvare finst på og forstår nynorsk - og dialekter. Det er lett å føle seg frykteleg dum i eit talestyrt smarthus som ikkje forstår kva du seier.

– Kva «nynorsking» ville du stått fast i heisen med?

– Jon Fosse. Fordi han er den største, og ein veldig fin og interessant mann. Dessutan kunne han roa meg med at dette kjem til å gå bra og at nokon kjem til å kome.

– Har du eit favorittord frå nynorskordboka?

– Fridom.

– BONUS: Er det ein – død eller levande – nynorsk motstandar du vil seie noko fint om?

– Vi har alle vårt å stri med.

– Ikkje radikalt med nynorsk i Bergensavisen

– Dersom Bergen skal vera ein internasjonal by, slik sjølvbildet til byen er, må det òg vera rom for språket til dei mange som bur i og rundt byen. Då må ein òg vera raus med nynorsken, seier **Sølve Rydland**, ny politisk redaktør i Bergensavisen.



VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – Gratulerer med ny jobb! Korleis vil du beskriva stoda for nynorsken i Bergen i dag?

– Eg meiner det står bra til! Bergen er ein kommune som dei siste åra har vore offensiv når det gjeld nynorsk. Kommunen er språknøytral, og har i motsetnad til mange andre kommunar tatt konsekvensen av det. Bergen kommune har gjort ein god jobb, og eg meiner Bergen viser at det er ein raus og open by - også når det kjem til nynorsk.

– Dersom Bergen skal vera ein internasjonal by, slik sjølvbildet til byen er, må det òg vera rom for språket til dei mange som bur i og rundt byen. Då må ein òg vera raus med nynorsken. Konfliktane mellom strilane og bergensarane, som til dels også heng saman med historia om nynorsken, er ikkje noko å vera stolt av. Så vil eg leggja til at det finst ein bergensk måte å skriva bokmål på i Bergen, og denne er òg viktig å ta vare på. Me må veraause mot det bergenske tilbake.

– Så du meiner nynorsk er naturleg i Bergen?

– Nynorsken høyrer absolutt heime i Bergen. Det er ikkje lenger mogleg å bruka stril som skjellsord, til dømes. Eg opplever at stoltheita over nynorsken står støtt i nabokommunane til Bergen, i tillegg til at det bur mange nynorskbrukarar i Bergen òg. Derfor er det ikkje radikalt å opna for nynorsk i ei bergensk avis, synest eg.

– Det har vore nynorsksepsis i Bergen. Det kom mellom anna til uttrykk då det var kamp om namnet på norske byar. Målrørsla møtte mellom anna motbør for å kjempa for at Bergen skulle heita Bjørgvin ein gong tilbake. Det har òg vore skepsis til nynorske namn på statlege institusjonar i byen. Dersom nynorsk skal ha ein plass, må me også forstå den bergenske eigenarta. Det er mange medvitne bokmålsbrukarar i Bergen. Frå dei som snakkar og skriv meir konservativt riksmål, til dei som brukar eit «gatebergensk», som ein kan seia ligg nærare nynorsk. Ein by som Bergen har rom for alt.

– Korleis har responsen vore på at du som journalist skriv nynorsk?

– Positiv, i den grad eg har fått nokon respons på det. I NRK dekte eg bokmålsbastionar som bergenspolitikken og Sportsklubben Brann på nynorsk. Eg har aldri fått reaksjonar på det.

– Så får me sjå korleis lesarane til BA tar det. Det er historiske linjer i Bergensavisen som gjer at eg er førebudd på at det kan koma reaksjonar. Men det skal me klara å handtera.

SØLVE RYDLAND

■ Fødd 1984 i Bergen. Frå Knarvik.

■ Noverande stilling: Redaktør og dagleg leiar i avisa Nordhordaland

■ Tidlegare erfaring frå NRK.

■ Aktuell med: Nytilsett som politisk redaktør i Bergensavisen. Med det opnar Bergensavisen for nynorsk i spaltene for fyrste gong på svært lang tid.

BERGENSAVISEN:

■ Grunnlagd i 1927 som Bergens Arbeiderblad

■ Skifta namn til Bergensavisen i 1992

■ Guro Valland er tilsett som ny ansvarleg redaktør og dagleg leiar frå 2023.

– Opplever du særlege utfordringar med å vera journalist og bruka nynorsk?

– Nynorsk er det einaste eg har drive med. Det er slik eg skriv, og det har aldri vore eit hinder der eg har jobba. Nynorsk er eit godt språk i journalistikken. Det er aktivt og ikkje byråkratisk. Det blir færre språklege klisjear og mindre stammespråk om ein skriv god nynorsk.

– Eg har i grunnen aldri fått tilbakemeldingar på nynorsken min. Eg trur det viktigaste for folk er innhaldet, ikkje språket.

– Vil du seia at du skriv meir tydeleg eller presist?

– Kanskje. Eg har aldri tatt stilling til alternativet, så eg kan ikkje samanlikna, men eg ville vore meir utrygg med bokmål. Eg har funne mi røyst, og den er på nynorsk.

– Kjem det til å bli meir språk eller målpolitikk i Bergensavisen no som du og Guro Valland (sjefredaktør og nynorskbrukar) er tilsette der?

– Det har eg ikkje tenkt over. Eg freistar å vera mest mogleg uavhengig. Eg er nynorskbrukar, men ingen aktivist. Det ville ha vore vanskeleg å takka ja til ein jobb der eg ikkje fekk bruka nynorsk, men det betyr ikkje at det først og fremst er det eg skal skriva om.

– Kva er det viktigaste tiltaket for nynorsken, slik du ser det?

– At han er til stades i liva til folk. Barnebøker, avisa, media, tv, teater, kulturlivet. Den dreinga me har sett i Bergen, har bidrege til at nynorskaktørane er blitt tydelegare. Elles er det sjølv sagt viktig med læremiddel på nynorsk, der har me mykje å gå på.

– Mediepolitisk kan eg seia at eg trur dei redaksjonane som i dag har forbod mot nynorsk, vil gå glipp av mange gode talent framover.

Nynorsk mediesenter, der eg sjølv kom frå, og Nynorsk avissenter, utdannar flinke folk. Nynorske journalistar vil vera ein styrke for ei avis. Dersom nynorsk er diskvalifiserande for jobb, vil ein gå glipp av mange av dei flinkaste folka.

– Det er heilt naturleg i eit moderne, mangfaldig samfunn at språket også er ein viktig del av dette mangfaldet. Men om me som skriv nynorsk forventar at andre skal vera opne og tolerante, må me òg evna å vera det same tilbake.

– Du verkar jo å vera opptatt av nynorsk?

– Eg er opptatt av nynorsk, og vil takka dei som tar kampen for at eg kan bruka eit språk eg identifiserer meg med. Men eg er ikkje først og fremst nynorskbrukar. Eg er redaktør og journalist først, og eg vil vera med å flytta barrierar, og eg brukar nynorsk. Inngangen til journalistikken for meg var Nynorsk mediesenter, og det at eg har gått der, forpliktar meg med tanke på nynorsken. Å gå der gjorde meg trygg i språket mitt, eg blei heilt klart ein betre journalist. Men eg er ikkje medlem i Noregs Mållag, for å seie det slik. Eg er opptatt av ikkje å ha bindingar.

– Er nynorsk eit framtidretta språk?

– Nynorsken har absolutt ei framtid! Det har aldri vore mindre problematisk å vera nynorskbrukar enn i dag. I eit større perspektiv trur eg me som samfunn har blitt meir tolerante, òg når det gjeld nynorsk. Nynorsk er eit godt språk å uttrykkja seg på. Ein kan òg lettare skilja seg ut i mengda om ein brukar nynorsk. Det er ikkje så dumt om ein har noko på hjarta.

Eg trur dei redaksjonane som i dag har forbod mot nynorsk, vil gå glipp av mange gode talent framover.

Sølve Rydland,
nytilsett politisk redaktør
i Bergensavisen



OPTIMIST: Sølve Rydland er optimistisk på vegner av nynorsken, særleg som eit medie- og journalistspråk.

Foto: Vemund N. Knudsen



Ny publikumsrekord for Falturiltu

Heile 7300 publikummarar fekk med seg eit av dei 120 arrangementa under årets Falturiltu, som spreidde seg ut over heile ti kommunar i Vestland fylke, mellom 4. og 11. november.

FESTIVALEN HADDE EIT breitt program med teater, utstilling, konsertar og standup. Namn som Maria Parr, Håkon Opdal, Tønes og Hans Morten Hansen prega programmet.

Festivalforfattar Terje Torkildsen blei også bokbada på alle ungdomsskulane på Stord. «Eit genialt konsept», ifølgje festivalforfattaren – sitert i ei pressemelding frå festivalleiaren Roald Kaldestad.

Falturiltu er svært stolte av å ha presentert heile tre nyskapingar i år, går det fram i pressemeldinga.

Av dei var urpremiere på teaterversjonen av romanen *Arrfjes*. Halvor Folgerø var å finne i framsyninga Langs kvar ein vestlandsveg, og Sigrid Moldestad hadde tonesett barnedikt av Jan-Magnus Bruheim i Regndropeborna og andre dyr, eit samarbeid mellom Falturiltu, Førdefestivalen og Vossa Jazz.

Andre høgdepunkt var haustkonserten til musikklinja ved Stord VGS, der Bjørn Sortland var gjest. Saman med den store kinodagen, kakeutdeling og Bok og kråkebolle med Camilla Kuhn og Markus Lantto i Stord folkebibliotek.

Det var og eit rikt program for dei vaksne. Blant anna konsertar med Kari Bremnes i Stord kyrkje, og Stein Torleif Bjella på ARENA.

Bente Bratlund og Ragnar Hovland fylte 70 i år, og begge vart feira på Åtgaum, der det òg var bokkveldar med Brynjulf Jung Tjønn, Agnes Ravatn, Atle Berge, Aina Basso og Anders Totland.

Skular, museum, lokale bedrifter og bibliotek fekk besøk av namn som Adele Lærum Duus, Oskar Kroon, Vegard Markhus, Arild Torvund Olsen, Ingunn Røyset, Ingelin Røssland, Tor Arve Røssland, Tone E. Solheim og Kari Stai.

– Dette blei kort sagt eit lyspunkt i den mørke tida og ein bokfest av dei sjeldne, for store og små i Sveio, Etne, Bømlo, Stord, Kvinnherad, Tysnes og Fitjar, Vindafjord, Haugesund og Karmøy skriv festivalleiaren i pressemeldinga.

NPK

Med action, humor og dialekt freistar **Terje Torkildsen** å vere som Tom Cruise: «I'm here to entertain you!». Det treng nynorsklitteraturen, meiner han.

Action og humo



VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ – *Me kan jo byrja med det klassiske spørsmålet: Gratulerer med å vera årets festivalforfattar! Korleis kjennest det?*

– Det er faktisk veldig stas. Falturiltufestivalen er spesiell for meg fordi det var det første litteraturarrangementet eg var på utanfor Stavanger. Her har eg fått prøvd ut ulike idear, som til dømes å testa ut ulike formidlingsopplegg. Falturiltu har gitt meg mange gode samarbeid. Eg har alltid likt meg her.

– Å bli peika ut til festivalforfattar ga meg moglegheita til å skriva tingingsverket, som var ein teaterversjon av *Arrfjes* frå 2014. Det har vore svært stas!

– *Og du skriv berre på nynorsk?*

– Ja, eksklusivt på nynorsk.

– *Korleis gjekk det seg til at du som siddis (Stavangerbu), blei nynorskbukar?*

– Det er to hovudgrunnar til at eg er nynorskbukar. Eg hadde ein lærar som heitte Lise Lunde Nilsen. Ho var pioner bak eit prosjekt i stavangerskulen

TERJE TORKILDSEN

■ Fødd i 1971 i Stavanger.

■ Utdanna norsklektor, men har dei siste åra jobba som forfattar og artist.

■ Er for mange kjent som drosjesjåføren i kultjulefilmen *Mongoland*

■ Han har skrivne fleire populære ungdomsbøker på nynorsk, t.d. *Dystopia*-serien og *Stavanger Stories I-III*.

■ Aktuell med: festivalforfattar på barnebokfestivalen Falturiltu november 2022.

der ein skulle skriva dialekt. Ho var også med på å etablere ein av dei første nynorskklassane i Stavanger – Mosvoll 2, som han heitte.

– Eg fekk altså nynorsken inn ganske tidleg. Så har eg halde fram med å bruka nynorsk, enkelt og greitt fordi eg ikkje får til å vera løyen på bokmål. Nynorsk har høgare presisjonsnivå, ein heilt eigen tone.

– *Korleis opplever du stoda for nynorsk blant unge og ungdom i dag?*

– Det kjem sjølvstekt heilt an på kvar du er i landet. Eg gidd ikkje å bruka tid på å dra der det er mykje negativitet. Så eg held meg i all hovudsak til Vestlandet og Nord-Noreg.

– *Nord-Noreg?*

– Ja, trivst der.

– Men eg vil seia at eg jamt over opplever at det er mindre hets mot nynorsken i dag enn før. Eg har fått ein einaste «nei, du, dette er jo på nynorsk!» på ein skule i Stavanger. Det som var løye med det, var at dei lenge trudde dei las dialekt, og så var det ein som plutsleg kjende det igjen som nynorsk.

– *Kva er hovudutfordringane med å vere nynorskforfattar?*

– Det største problemet er eigentleg at det er vanskeleg å bli utgjeven. Det er til dømes svært lite populærlitteratur på nynorsk, men eg er optimist for framtida!

– *Får Falturiltu nokon ringverknadar for deg?*

– Eg har ikkje særleg mykje bokhandelsal. I all hovudsak sel eg til skular og skulebibliotek og biblioteka. Så eg har til dømes ikkje merka noko særleg til den generelle nedgangen i salet av fysiske bøker. Eigentleg er alt dette heilt greitt, eg har ikkje høve til å jobba så mykje



MONE CELIN SKREDE
Styreleiar i Kringkastingsringen

Meir støtte til språk!

Før jul melde Medietilsynet at dei fire avisene Ávvir, Ságat, Snåsningen og NordSalten Avis fekk om lag 39 millionar kroner i produksjonstilskot i 2022.

«STØTTA BIDRAR TIL å gjere dei samiske skriftspråka meir synlege. Desse avisene spelar ei viktig rolle for den samiske språkutviklinga», heitte det i pressemeldinga. Ein blir alltid glad når eit statleg organ så tydeleg understrekar kor viktig det er å sjå sitt eige språk i kvardagen og å halde oppe bruken av det. Noko av det kjekaste med dette er at det berre er Ávvir og Ságat som er reine samiske aviser. Snåsningen og NordSalten Avis definerer seg som tospråklege. Slik støt ein arbeidet med å halde samisk levande utanfor kjerneområda og i randsonene.

FØREBELS SER EIN annleis på nynorsk. Det er berre naturleg om Dag og Tid i søknadane sine legg vekt på at det er ei rein nynorskavis, men det kan like godt vere at dei får produksjonstilskot fordi det er ei såpass god og velskriven avis. Men i utgangspunktet kan ingen nynorskaviser, inkludert dei tospråklege, rekne med å få tilskot med ei tilsvarende grunngeving som dei samiske. Dei må halde fram med å argumentere for at dei er ei «åleineavis», eller er ei viktig «nummer to-avis». Det står ingen stader at nynorske aviser har meir rett på tilskot enn andre. Sjølv om noko av grunngevinginga for mediestøtte handlar om å ta vare på norsk språk, så har ein ikkje sett nokon grunn til at nynorsk skal bli handsama særskild. Men tenk om ein tenkte slik også for nynorsk? Kva kunne ikkje det hatt å seie for arbeidet i randsonene?

MEDIEVERDA GÅR STADIG gjennom ei rivande utvikling. Sjølv om det ikkje er lenge sidan retningslinjene for mediestøtta vart fornya, er det grunn til å tru at denne raske utviklinga vil føre med seg eit ønske om meir oppdaterte retningslinjer. Det gjev grunn til optimisme når ein aktør som Medietilsynet artikulere ei så tydeleg grunngeving for kvifor mediestøtta er viktig for språk. Akkurat som dei har gjort med TV 2. Og NRK vil absolutt ikkje risikere å miste meir av statsstøtta på grunn av for lite nynorsk. Er det lov å vere optimistisk?

LØYEN: Terje vil engasjere gjennom å underhalde. I kjent stil insisterte han også på eit mindre stivt portrettbilete.

Foto: Vemund N. Knudsen

r er mitt motto!

meir enn eg allereie gjer. Eg har vunne U-prisen to gonger, eg treng ikkje så mykje meir merksemd. Det er også den største prisen eg kan få for bøkene mine, pluss det å vera festivalforfattar på Falturiltu i år, sjølv sagt.

– Korleis trur du me kan styrkja nynorsken, og korleis får me fleire til å lesa?

– Som eg sa må det koma meir populærlitteratur og underhaldningslitteratur på nynorsk. Det er også eit problem at det er manglande kompetanse – eller interesse – blant kritikarar og redaktørar i dag på populær- og underhaldningslitteratur. Ein har kanskje ikkje same sjølvvilliten på kva som er eller kan bli populært, ein har ikkje «feelingen» for kva

folk vil ha. Det gjer at det blir vanskeleg å gje råd i skriveprosessen. Men det er også ein manglande vilje til å ville satse på barne- og ungdomslitteratur på nynorsk frå ein del forlag. Så vil eg jo gjerne seia at det ikkje alltid er slik at folk veit kva dei vil ha før dei får det.

– Då er festivalar som Falturiltu gull verde. Her får eg prøvd ut materialet mitt og ulike formidlingsmåtar for litteratur. Den første boka eg skreiv, Marki Marco, blei skriven i samarbeid med ein tiandeklasse i Stavanger. Eg utvikla boka saman med dei. Eg fekk rett og slett og den beste redaktøren eg kan få: lesarane sjølv. Gode lesarmøte er svært viktige, og det er noko til dømes Falturiltu bidreg med. Det enga-

smentet som er her frå både forfattarar, lærarar og frivilljuge, formidlar litteratur til elevane på ein måte som skaper stor entusiasme og leseglede.

– Noko av det viktigaste me gjer for litteraturen – og for nynorsken – er å gje gode lesaropplevingar tidleg i livet. Det er fleire av oss som starta med teikneseriar, actionromanar og slike ting som gav stor leseglede. Derfor er dette så viktig for nynorsken. «Action og humor» er mitt motto og overskrifta på årets festival!

– Til slutt: Har du ein favorittforfattar, eller favoritt nynorsk?

– Då må eg gå for Per Inge Torkelsen og Ragnar Hovland. Per Inge Torkelsen og eg blei jo begge gjevne ut på Samlaget. Han har også vore med på å gjera stavangerdialekt kult og løye. Ragnar Hovland gjorde på si side mykje for å gjera nynorsken kult. Det er veldig tøft at han er ein del av programmet i år i den anledning at han fyller 70.

– Har du ei eller fleire favorittbøker?

– Eg må gå for *Utanfor sesongen* frå 1988. Ein av dei få krimbøkene som er skriven på nynorsk.

– Noko av det viktigaste me gjer for litteraturen – og for nynorsken – er å gje gode lesaropplevingar tidleg i livet.



Me treng action, spenning og humor, særleg for unge gutar. Falturiltu bidrar til å få litteratur på nynorsk ut til barn og unge, seier **Roald Kaldestad**.



- Nynorsken er for



VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ *Norsk Tidend* var til stades på Falturiltufestivalen og tok ein prat med festivalsjef Roald Kaldestad. *Norsk Tidend* møter Kaldestad i Stord Kyrkje, der fleire er i gang med førebuingar og opprigg før Kari Bremnes-konserten som skal finne stad seinare på kvelden.

– Slå deg ned, vil du ha kaffi?

Roald Kaldestad er ein mann med skjegg- og hårvekt som gjer at han kan passere som både Jesus og Julenissen.

– I alle fall i følgje ungane som vitjar festivalen her. Det er ein av dei to eg til stadig blir samanlikna med. Og det kan eg leve med.

– *Kva er Falturiltufestivalen?*

– Falturiltu er verdas største barnebokfestival. Festivalen finn i hovudsak stad her i Stord. Det er arrangement på heile Nord-Hau-

galand og Sunnhordaland – det er aktivitet i 10 kommunar totalt. Sjølv om festivalen er lokal, er han ein samlingsstad for nynorskklitteratur frå heile Noreg.

– Festivalen er eigd av Stord kommune og blir arrangert i samarbeid med Nynorsksenteret og Nynorsk kultursentrum.

– *Kvifor treng me ein eigen nynorsk barnebokfestival? Er det ikkje litt smalt til å fortene eigen festival?*

– Me treng å få den gode litteraturen ut til folk. Særleg den litteraturen som ikkje er godt kjend må bli formidla. Barne- og ungdomslitteratur på nynorsk er lågast i hierarkiet i bokverda og har tøff konkurranse. Vårt mål er å vise fram det som ikkje elles får så mykje plass. Me vil vise fram nynorsken, og at det er høg kvalitet på den nynorske barne- og ungdomslitteraturen. Han vinn påfallande mange prisar og blir seld til utlandet.

– Og så er Falturiltu ein folkefest. Det er konsertar, føredrag og sam-

taler, bokbad og formidling. Det er program retta mot både barn, ungdom og vaksne kvar dag.

– *Og har festivalen nokon effekt?*

– Eg vil absolutt seie festivalen er ein suksess. Tilbakemeldingane er gode, det er populært blant skulane og elevane. Me har jo eigen butikk under festivalen også – og der sel me mykje bøker, utan at eg heilt har det nøyaktige talet her og no. Det er mitt inntrykk at å få formidla ei bok er god reklame

– *Kva meiner du er det viktigaste me kan gjere for nynorsken – og for den nynorske litteraturen?*

– Me som er glødande opptekne av litteratur må tenkje nytt i formidlinga av han. Falturiltu er ein arena der ein kan prøve ut ulike formidlingsmetodar og opplegg. Målet er å få litteratur ut der folk er. Eit døme eg vil trekkje fram er korleis me marknadsførte ei fotballbok ved å setje han i samanheng med noko me kalla «Ballturiltu», eit fotballarrangement. Det er også mange høve der me kan blande inn litt litteratur,

og «snikeksponere» barn og unge for litteratur.

– Høgtlesing tidleg er også viktig. Slik eg ser det er det særleg det å få gutar til å lese som er ei utfordring. Videospel og tv-seriar konkurrerer med boka i dag. Eg stiller meg ofte spørsmålet om det er boka i seg sjølv eller dei gode forteljingane som er viktigast. Forteljingar kan bli fortalte på fleire ulike vis. Dette er ein vrien kamp, men eg er glad i boka. Det er noko med det å lage egne bilete i hovudet og dikte vidare saman med teksten, eller for den saks skuld i fellesskap med andre.

– *Og kva med nynorsken meir generelt?*

– Slik eg ser det, slit nynorsken med at han er alvorleg og seriøs. Det er nesten berre høgverdig litteratur som blir skriven på nynorsk. Me treng action, spenning og humor. Dette er særleg viktig for å motivere gutar, trur eg.

– Me må hugse at me alle byrjar med lettlesingslitteraturen og deretter tar det vidare. Nynorsken må vere



JESUS OG JULENISSE: No avtroppa festivalsjef for Falturiltufestivalen vil formidle leseglede og underholdande litteratur for born og ungdom. At han blir kalla både Jesus og Julenissen, er dermed passande på fleire vis.

Foto: Vemund N. Knudsen

alvorleg og seriøs

breitt, ikkje berre vere høgt eller lågt. Vår tanke bak Falturiltu er å vere energiske, engasjerte og gni litteraturen inn så mykje og ofte me kan.

– Når det kjem til det nynorske, så er eg ikkje målmann sjølv om

eg brukar nynorsk. For meg er det viktigaste at me får fleire til å lese, men det er klart nynorsk er ein viktig identitetsmarkør, og at han står sterkt i litteraturen.

– Både du og dei som var i panel-samtalen tidlegare i dag, er opptekne av at gutar må lese. Du tar opp at ein treng meir litteratur for gutar. Men kva er eigentleg litteratur for gutar? Er det konstruktivt å kjønna barne- og ungdomslitteraturen slik?

– Eg er blant dei som trur at gutar les, men dei les gjerne andre ting enn jenter. Sjølv om mange av dei kanskje ikkje les bøker, les dei mykje på nettet, til dømes. Me må heller ikkje gløyme songtekstar, som dei fleste av oss har eit forhold til.

– Når me snakkar om lesing, så avgrensar me oss for ofte i for stor grad til skjønnlitteraturen. Det blir jo skrive svært mykje spennande sakkprosa, til dømes. Så eg er usikker på om eg vil vere samd i at bøker er særleg skreddarsydd for jenter. Det er eit klart problem at gutar ikkje les. Det bør vere det som er hovudbekym-

ringa. Me må vere opne for at folk les forskjellige ting, og at gutar og jenter ikkje nødvendigvis vil ha det same.

– Eg studerte sjølv litteratur. Der diskuterer ein mellom anna at litteraturfaget er maskulint og kvitt, og at kvinnelege forfattarar er notorisk underkjende. Då eg gjekk på barne- og ungdomsskulen hugsar eg derimot at me omtalte lesing som ein jenteaktivitet. Er det ikkje litt paradoksalt at lesing er både ein jenteaktivitet og maskulint samstundes?

– Du har eit interessant poeng. Ein har jo omgrepet «kulturkjer-ring», altså klisjéen om at dei som besøker bibliotek og litteraturhus ofte er middelaldrande og eldre kvinner. Eg har ikkje eit godt svar, men kanskje det har noko med mognad å gjere? Generelt veit me jo at gutar utviklar seg seinare enn jenter. Men eg vil gjenta det eg sa i stad: Eg trur folk likar forskjellige ting, og det må derfor vere breidde i litteraturen.

– For å gå litt tilbake til dette med effektane Falturiltu har for litteratu-

ren: Korleis opplever du samarbeidet med dei lokale bokhandlarane?

– Me har eigen bokhandel under festivalen. Eg opplever vel at samarbeidet med bokhandlarane er greitt, men det har endra seg gjennom åra. Bokhandlarane er ikkje det same lenger. Det er sjølvsagt unntak og variasjonar her, men generelt er bokhandlarane blitt meir og meir kommersielle heller enn kulturelle aktørar. Bokhandlarane skal ha ei utfordrande og formidlande rolle.

– Korleis meiner du?

– Det er ikkje sikkert ein veit kva ein vil ha før ein får det. Det er litt det som er poenget med festivalen her også: Me formidler det folk ikkje var klare over at dei ville ha. Me vil trekke fram skjulte skattar.

– Men tar bokhandlarane her inn bøker som er ein del av festivalen, og tar dei inn nynorsk barne- og ungdomslitteratur elles gjennom året også?

– Ja det har eg inntrykk av at dei gjer. Men du må nesten la bokhandlarane få snakka for seg sjølv.

Me vil visa fram nynorsken, og at det er høg kvalitet på den nynorske barne- og ungdomslitteraturen.

Roald Kaldestad,
festivalsjef for Falturiltu



Bokhandlar merkar festivaleffekt

– Me merkar at det blir
meir interesse for litteratur
som følgje av festivalen,
seier butikksjef **Tone Vaka**.



VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

■ I *Norsk Tidend* 4/22 blei Edmund Austigard, administrerande direktør i Samlaget, sitert på at det er bokhandlarar som ikkje vil ta inn nynorske barne- og ungdomsbøker. Med bakgrunn i dette, saman med oppfordringa frå Roald Kaldestad, tok derfor *Norsk Tidend* turen til Amfi Stord for å høyre med bokhandlarane sjølve kva dei synest om Falturiltufestivalen og salspotensialet til nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

Amfi på Stord husar både Ark og Norli. Me tok ein prat med begge butikkane, men det er berre praten med Norli som er attgjeven i det som her følgjer. Me har prata med Tone Vaka, som er butikksjef og har ansvar for drift og innkjøp ved Norli Amfi Stord.

– Tar de inn barne- og ungdomslitteratur på nynorsk her?

– Det gjer me!

– Sel det noko? Merkar de noko forskjell i salet under Falturiltu?

– Det sel det, som alt anna. Det aukar absolutt under festivalen, særleg festivaltitlane. Me merkar at det blir meir interesse for litteratur som følgje av festivalen. Det er då både foreldre og lærarar som kjem innom og vil ha bøkene. Men no har jo festivalen eigen bokhandel, så me har mindre salsauke no enn før.

– Det skal seiast at den nynorske barne- og ungdomslitteraturen har større konkurranse enn annan litteratur. Det er mykje potensial til å selje meir.

– Eg er blitt tipsa om at bokhandlarar ikkje ønskjer å ta inn nynorsk barne- og ungdomslitteratur fordi det ikkje sel. Kva er erfaringa di her?

– Det varierer sjølvsgatt frå kvar ein er. Stord er jo eit nynorskområde, så her går det nok enklare enn andre stader. Me tar inn her på Norli, men me ser jo at særleg nynorsk barne- og ungdomslitteratur har tøff konkurranse frå mykje anna. Bøkene er dårlegare marknadførte. Her på Stord, som er eit nynorskområde, er me opptekne av nynorsk, og me ønskjer at nynorske titlar skal finnast butikken.



SEL MEIR TIL UNGE: Tone Vaka er butikksjef på Norli Amfi Stord. Ho merkar effekten av festivalen, men har også generelt merka stor salsauke i litteratur til unge, særleg på engelsk.

FOTO: Tone Vaka

– Er butikkdrifta blitt meir sentralstyrt? Har du fått kommentarar på at du tar inn nynorsk barne- og ungdomslitteratur?





orli

Barn og unge les, ja! Boktok, altså bokkanalar på TikTok, har auka salet av bøker retta mot barn og unge drastisk dei siste åra.

Tone Vaka, butikksjef



NYNORSK SOM SALSPOENG: På Norli Amfi Stord kan du finne eit utval barne- og ungdomsbøker på både bokmål og nynorsk. Nynorskane er merkte med ein eigen kategori.

Foto: Tone Vaka

TIL VENSTRE: Norli Amfi Stord.

Foto: Tone Vaka

– Nei eg får lov å ta inn det eg vil, men det er nok riktig at bokhandeldrifta er blitt meir straumlinjeforma og sentralisert med åra. Utvalet og bestillingsmogleheitene til kunden skal jo vere likt overalt, og så varierer utvalet etter storleik på butikken og geografisk plassering. Så er det individuelt frå butikk til butikk kor mykje risiko ein vil ta på å bestille inn andre titlar enn dei ein er plikta å ta inn.

– Vil du seie at rolla bokhandlarane har som kulturformidlarar er blitt mindre eller større med åra?

– Ja, det er blitt meir og meir rein butikkdrift. Men me har til dømes Norli Junior lesekonkurranse, der dei som les mest, får ein premie som blir delt ut her i butikken. Så me er opptatte av å fremje lesing. Eg opplever også at det kjem kundar innom og gir tips om gode titlar, så det er ein god dynamikk mellom kundar og butikken.

– Kan eg spørje korleis samarbeidet med Falturiltufestivalen er?

– Festivalen kjem ikkje noko særleg innom her. Forfattarane kjem gjerne innom for signering og slike ting, då. Men då er det gjerne dei

lokale forfattarane. Me får til dømes ikkje Jo Nesbø til å kome her.

– Stein Torleif Bjella hadde konsert ein av festivaldagane, då hadde me stand. Så er det klart at me har ikkje råd til å løne folk til å stå rundt omkring utan sal. Då blir det gjerne å gjere det friviljug, og då er det eg som butikksjef som må stå. Eg synest det er verd det. Endå korkje festivalen eller butikken kan betale for det, har eg stått på stand også i år.

– Som butikk, korleis opplever de lesevanane til folk? Les barn og ungdom mindre i dag enn før?

– Barn og unge les, ja! Boktok, altså bokkanalar på TikTok, har auka salet av bøker retta mot barn og unge drastisk dei siste åra. Salet av engelske bøker har eksplodert, og det er også særleg blant unge. Unge les mykje engelsk.

– Og er lesinga fordelt jamt mellom gutar og jenter, eller les t.d. jenter meir enn gutar?

– Som butikk kan eg ikkje seie at me opplever å selje meir eller mindre til gutar eller jenter. Det er i alle fall ikkje noko eg har tenkt over. Eg trur kjønnsforskjellane er jamna ut med åra.

SAMTALE MED LARS OVE SELJESTAD: Styret i **Varanger Mållag** hadde gleda av å invitere til forfattarmøte med Lars Ove Seljestad på Vadsø bibliotek tysdag 15. november klokka 19. I samtale med Ida Zachariassen Sagberg fortalte forfatterane om sin nyaste roman *Eitranes* (Aschehoug, 2022). *Eitranes* er ein frittstående oppfølgjar til debutromanen *Blind* og blir omtalt som ein drivande eksistensiell roman om klasse, seksualitet, flukt, kapitalisme og raseri. Samtaleleiar Ida jobbar til dagleg som rådgjevar på Troms og Finnmark fylkesbibliotek og er sjølv medlem av Varanger Mållag. Vadsø bibliotek var medarrangør, og arrangementet har fått støtte frå Stiftelsen Heia Vadsø.



MOTIVASJONSSEMINAR FOR LÆRARAR: Den 17. november 2022 skipa **Hordaland Mållag** nynorsk motivasjonsseminar for lærarar i Bergen (biletet over). Seminaret fann stad på Litteraturhuset i Bergen kl. 14-17. På programmet stod **Jorid Saure** frå Nynorsksenteret om «Korleis fremje motivasjon for nynorsk i opplæringa?» tidlegare leiar i Noregs Mållag, **Magne Aasbrenn**, snakka om «Nye vinklingar på sidemålsundervisninga» og **Leander Dønne** snakka om arbeidet med boka *Oskespiralen* - det vart også opplesing frå boka. Det blei sjølvsagt servert god mat og kaffi for alle dei som møtte opp.



Frå venstre Svanhild Hjartnes, Karen Matthiessen og Anna Vangdal. Fingernemme Anna har svidd inn logoen til Mållaget på loket. Foto: Randi Jåstad

VANN BOKPAKKE: **Kvam Mållag** er blant mållaga som vann bokpakke for vervearbeidet sitt i fjor. Dei arbeider med eit prosjekt om språk i dei sju barnehagane i kommunen, som treng påfyll av gode, nynorske bøker! Alle barnehagane har difor fått trekkasse hjå mållaget som skal fyllast med nynorske bøker frå biblioteket. Meiningsfullt arbeid!

FORFATTARTREFF MED ANDERS TOTLAND: laurdag 3. desember 2022 inviterte **Bergen Mållag** til forfattartreff på Gimle i Kong Oscars gate i Bergen. Kaffi og noko å bita i sørga for godt oppmøte og ein underholdande kveld.

BERGENSKONFERANSEN FOR NYNORSK: **Bergen Mållag** arrangerte Bergenskonferansen for nynorsk laurdag 14. januar.



Foto: Grindal Ysteri

TRØNDERLAGETS MÅLPRIS TIL GRINDAL YSTERI: Trønderlagets målpris går kvart år til nokon som har gjort ein stor innsats for nynorsk i Trøndelag. I 2023 går prisen til **Grindal Ysteri**. Bedrifta i Rennebu viser gjennom produktnamn og marknadsføring at nynorsk naturleg kan brukast også i næringsverksemdar. Både i produktnamna, i skildringane på ostepakningane, på nettstaden og i sosiale medium bruker Grindal Ysteri nynorsk. Grindal Ysteri er eit økologisk gardsysteri i Rennebu. På heimesida deira les vi

at «forteljinga om Grindal handlar om søstrene som ikkje ville flytte heim frå setra». Frå kvar sin gard leverer søstrene Ragnhild og Turid Nordbø (biletet over) råvarer til ysteriet som lagar kortreist, lokalprodusert mat av beste kvalitet.

I samspelet mellom å drive med eit tradisjonelt handverk i ei moderne bedrift er nynorsken ein naturleg del av det heile.

Vi gratulerer Grindal Ysteri med Trønderlagets målpris 2022!

DIGITALE MOTIVASJONSSEMINAR: 9. januar og 2. februar var det duka for dei første digitale motivasjonsseminara i år. Dette er dei første i ei rekke månadlege seminar som vil bli halde gjennom året. Tema i januar var «Tid for årsmøte», der dei som møtte opp fekk tips og hjelp til å skipe årsmøte rundt i landet. Den 2. februar var tema økonomiarbeid i lokallaga. Bodskaen var at kontroll på økonomien også gir godt målarbeid.

BER OM SKILTING PÅ NYNORSK: Uttale frå **Mållaget Ivar Kleiven** sitt årsmøte 24.01.2023: Mållaget ber om at skilting langs vegane i kommunen blir på nynorsk.

Vågå kommune har nynorsk som administrasjonsmål.

Det er viktig og rett å arbeide for at nynorsken si stilling ikkje blir svekka. Ikkje minst er denne målforma ei god støtte for den særprega Vågå-dialekten. Det handlar altså om kultur og identitet.

Mållaget registrerer at Statens vegvesen nyttar bokmål på sine skilt i kommunen, trass i at kommunen er ein nynorsk-kommune. Dette har vore tatt opp tidlegare, utan at det har ført til endring.

Årsmøtet ber difor om at Vågå kommune følgjer dette opp med Statens vegvesen, slik at Statens vegvesen tek omsyn til dette og nyttar nynorsk både når dei skiltar permanent og mellombels. Dette krev at det blir sett opp ein del nye skilt i kommunen.

MÅLPRISEN 2022 TIL KARI HUUS: **Kari Huus** får Målprisen for å ha tryggja ein heil generasjon av forfattarar og gjort det enklare for dei å bli verande i nynorsken. Ho har vore manusredaktør i Samlaget gjennom fire tiår.

– Vi i Noregs Mållag veit kor viktige bankande språkhjarte er for nynorsk. Vi veit at skal nynorsken leve vidare med hundre tusenvis av brukarar,



Gjennom fire tiår har Kari Huus vore ei solid språkstøtte for samlagsforfattarar. Foto: Vemund N. Knudsen

lyt han skrivast, lesast og nyttast, sa Peder Lofnes Hauge, leiar i Noregs Mållag, då prisen vart delt ut ved ei markering på Samlaget.

– Mållaget likar å snakke fram litteraturen, og framheve kor viktig han er for nynorsken. Difor er det ekstra kjekt å få takka ein av bidragsytarane for den nynorske litteraturen som ikkje har namnet sitt på framsida eller portrettbilde på omslaget til boka. Målprisen vert delt ut kvart år av styret i Noregs Mållag.

MÅLPRIS TIL GUNN MARTE BULL: Måndag 12. desember fekk rektor ved Nordre Strand oppvekstsenter, **Gunn Marte Bull**, Målprisen for 2022 av Strand Mållag. Nordre Strand oppvekstsenter er ein nynorsk-skule med totalt 73 elever. Dei har mykje søkjelys på språk. «Dei vel lærebøker der nynorskutgåva kjem samtidig med bokmål, dei vel digitale løysingar der nynorsk er jamstilt, dei kjøper inn nynorsk-bøker til skulebiblioteket,» seier **Leif Fossaskåret**, leiar i Strand Mållag.

Hurra for talemålet på Hadeland!

Etter to års arbeid har **hadelandsdialekta** fått si eiga ordbok. No kan vi takke stolte dialektbrukarar og alle gode hjelparar for at boka vår er realisert.

SJØLV OM HADELAND dialekt- og mållag er eit lite lokallag, har vi trudd på at vi ein dag skulle få laga ei bok om hadelandsdialekta. Men vi måtte vedgå at det ville bli mykje arbeid og at vi trong ein fagperson som kunne ta seg av det språkfaglege. Så flytte Rolf Theil til Jevnaker. Han er medlem av Noregs Mållag og melde overgang til lokallaget vårt! Rolf tok på seg det faglege ansvaret. Med seg i redaksjonen har han hatt Grethe Bøe som har teke seg av det datatekniske, dialektekspernten sjølv, Bjørn Liaklev og meg frå styret.

Utseld på tre veker

I november 2020 diskuterte vi på e-post korleis boka skulle sjå ut. Skulle vi ha stiv perm eller lommetutgåve? Innbinding eller spirallygg? Opplag? Rolf spurde kor mange bøker vi burde spør trykkeria etter tilbod på. Eg ser at eg svara: «Godt spørsmål. Eg stemmer på 1000 stk, for å ha nokre år framover. (...)» Så feil kan ein ta! Dei første 1000 bøkene vart utselde på tre veker – og vi tinga nytt opplag før vi hadde fått fakturaen på det første. Salet går så det «gviner».

Store delar av desse to åra var samfunnet vårt stengt ned for å redusere koronasmitte. På nyåret 2021 hadde vi det heller stusseleg. Alle fysiske møte og kulturarrangement vart avlyst. Vi sakna sosial omgang med folk, nokon å tala med. Då var det midt i blinken å få vettugt arbeid i hendene, ei givande oppgåve vi kunne løyse - i isolasjon - heime hos oss sjølve. I ettertid kommenterer fleire av oss nettopp dette: Vi ser tilbake på skrivevitida med glede fordi vi følte vi gjorde nyttig arbeid! Tretten hadelendingar sat heime hos seg sjølve og skreiv kvar sin «bokstav» frå elektroniske utgåver av 3000 kartotek kort som Bjørn Liaklev hadde samla gjennom eit langt liv. (Og sidan du spør: Ja, Bjørn er i familie med skeiseløparen Reidar Liaklev. Med god grunn er Bjørn «jøtt» stolt av onkelen sin.)


Ferdig til jol

Bjørn las korrektur på det vi hadde skrivne inn i basen. Rolf Theil retta opp og la til lydskrift i den elektroniske databasen. I september 2022 las Rolf korrektur på alt for siste gong, redigerte innhaldet og sende



REDAKSJON OG STØTTESPELARAR: Grethe Bøe, Bjørn Liaklev og Reidun Ramse Sørensen frå redaksjonen med Bjørn Haugen Morstad (SpareBankstiftelsen JLN) og Jørn Prestkvern (SpareBankstiftelsen Gran) i ryggen.

Foto: Inger Marie Højfeldt



FAGLEG ANSVARLEG: Rolf Theil er nøgd med den nye boka hos Andvord grafisk i Nittedal.

Foto: Eli Theil

manuset til trykking. Vi kryssa fingrane for at vi skulle få bøkene til jolesalet.

På jolemarknaden på Granavollen var nesten heile redaksjonen samla første dagen. Vi sakna redaktøren, professor emeritus Rolf Theil, som måtte melde avbod til signeringa. Han hadde fått eit has-teoppdrag i fanget akkurat denne helga! Det var leitt for oss, men

Rolf var liksom med oss frå plakaten vi hengde opp bak plassen vår. Vi trøsta oss med at han ville kome til Jevnaker 13. desember og til Gran 14. desember for å halde føredrag om hadelandsdialekta.

Finansert med dugnadsarbeid

Vår stand var plassert mellom berg av velsmakande jolekaker på venstre side og lefser frå «jøtt godt fra Hadeland» på høgre side. Eg ordna jolebaksten på ein halvtime, og så kunne vi konsentrerte oss om å selje bok. Bjørn Liaklev signerte og slo av ein prat med tidlegare elevar som kom innom. Bak oss hang plakater med ein kort historikk. Grethe Bøe peika ofte opp på Rolf Theil når ho presenterte redaksjonsmedlemmene. Slik deltok på ein måte redaktør Rolf Theil, frå plakaten over oss.

Når det gjeld finansieringa, la sambygdingane våre grunnlaget for at vi har «pe'eng på bok». I nokre år var Hadeland dialekt- og mållag grossist for Dialekttempen, gradestokken med motiv frå dei tre hadelandskommunane. Dette dugnadsarbeidet gjorde at vi la oss opp kapital som vi nyttar til kulturformidling i dag. Men bok hadde berre Rolf Theil laga tidlegare. Vi visste at bokprosjektet ville bli omfattande og ikkje minst kostbart.

Difor søkte vi både SpareBankstiftelsen Gran og SpareBankstiftelsen Jevnaker Lunner Nittedal om stønad. Dagleg leiar Bjørn Haugen Morstad i SpareBankstiftelsen JLN ba oss legge vekt på å bruke lokale føretak til trykkinga. Det lytta vi til. Andvord grafisk AS i Nittedal trykker boka vår og innbindinga blir gjort i Bamble.

Livsverk

Til marknaden inviterte vi Jørn Prestkvern frå SpareBankstiftelsen Gran og Bjørn Haugen Morstad frå SpareBankstiftelsen Jevnaker Lunner Nittedal for å takke dei for tilliten. Stiftelsane trudde på prosjektet vårt og gav oss tilsegn om pengegaver, noko som gjorde at vi turde å fullføre bokprosjektet.

No er livsverket hans Bjørn Liaklev samla mellom to permar. Det har tatt tid, men vi er i mål med første bandet. Neste haust vil vi følgje opp med band 2, som vil innehalde omvendt ordliste og mykje variert stoff som vi ikkje fekk plass til no. Vi håper boka vil provosere og stimulere. Vi som er så heldig å ha ei dialekt er glade i målet vårt - vi knotar ikkje. Å knote ville vere «å ha kalvedrit på tonga», som «hadelendingen» seier.

REIDUN RAMSE SØRENSEN
leiar i Hadeland dialekt- og mållag

Nynorsk bok skal redde språket i digitale tenester

Den digitale kvardagen stiller krav til at digitale tekstar er forståelege og tilgjengelege, men sju av ti digitale prosjekt manglar tekstkompetanse. Ei ny lærebok skal hjelpe designarar og teknologar å skrive betre.

I EI NORSK undersøking frå 2021/2022 oppgir sju av ti fagfolk i designbransjen at dei sjeldan eller aldri samarbeider med tekstfolk når dei lagar digital tenester. Samtidig oppgir nær alle designarar og teknologar i undersøkinga at dei av og til eller ofte utfører fleire innhaldsoppgåver, som å produsere artiklar, dømetekstar i skisser, såkalla mikrotekstar som feilmeldingar, skjematekstar og knappetekstar, i tillegg til alt frå struktur og navigasjon, stil og tone og innhaldsstrategi til testing og forvaltning.

– Alle kan vel kjenne seg igjen i frustrasjon over dårlege og uforståelege tekstar i nettbankar, handleappar og offentlege tenester. Desse orda må planleggjast, bli skrivne, testa på folk og justert, ikkje berre bli slengt på som ein ettertanke i produktutviklinga, av folk som ikkje har lært korleis det blir gjort, etter at det visuelle og tekniske er på plass. Dessverre er ofte dette tilfellet, og då blir språket som det blir, seier Susanne Egset i ei pressemelding.

Ho er forfattaren av boka *Design med ord* – Ei innføring i innhaldsdesign og UX-skriving.

– Det er på tide at ord får sin rettmessige plass i utviklinga av digitale tenester, fordi desse tenestene eksisterer for å hjelpe folk å få utført oppgåver, og folk treng gjen-



nomtenkte ord for å både forstå kva dei ser på, og få gjort det dei kom for, seier Egset.

Boka inneheld fleire detaljerte døme med Oljefondet, Gjensidige, Sortere.no, Human-Etisk Forbund, Norsk Sykepleierforbund, Nav, Dagens Næringsliv, Noregs Mållag med fleire.

– I åra mine i designbransjen har det vorte klart for meg at det manglar ei lærebok på norsk for alle designarar og utviklarar som skal lage digitale tenester som skal løyse brukaroppgåver for folk. Samtidig har eg sakna ei bok på norsk for oss som jobbar profesjonelt med tekst og språk i digitale prosjekt. Så då skreiv eg boka sjølv, seier Egset.

Boka skal hjelpe designarar og designstudentar å bli betre til å skrive brukarorientert, og lære å vareta ord og tekst gjennom heile designprosessen ved å kombinere designmetodikk med skrivehandverket, både på eit strategisk og praktisk nivå.

NPK

Blixprisen til Jens K. Styve

Nynorskbrukar Jens K. Styve er vinnar av **Blixprisen 2022** og får 15 000 kroner.

MINNEPRISEN etter Emma og Elias Blix blir delt ut til ein nordnorsk forfattar som skriv nynorsk eller nordnorsk dialekt. Prisen blir delt ut av Det Norske Samlaget.

– Vinnaren held til i Tromsø og brukar nynorsk som bruksspråk i teikneserien *Dunce*, som har fått ein veksande tilhengarskare gjennom den norske dagspressa dei siste åra. Serien vann teikneseriekonkurransen til Dagbladet i 2016, Pondusprisen i 2017 og Sproingprisen i 2020. Styve og *Dunce* har synt at nynorsk er eit godt eigna bruksspråk på litterære felt der språket sjeldan er å sjå, med base i Nord-Noreg. Slik sett arbeidar han innanfor ein tradi-



sjon etablert av Elias Blix om å gjere nynorsken synleg som bruksspråk på nye litterære arenaer, skriv juryen i grunngjevinga si.

I juryen for Blixprisen 2022 sit Aslaug Eidsvik, Sigrid Merethe Hanssen og Steinar Aas.

NPK



Nynorskpros

Nynorsktiltaka blir rulla ut i Bergen: No har dei første kulla i Bergen fått klassesett med *Framtida Junior*. *Norsk Tidend* er med Svein Olav Langåker på **journalistkurs for sjette trinn** ved Garnes skule og Ytre Arna skule.



VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN
vemund.knudsen@nm.no

skular eitt eksemplar til skulebiblioteket. Klassesetta skal sendast til skulebiblioteka slik at dei kan nyttast av fleire klassar ved skulen over tid.

Første kull klare i fjor haust

I fjor haust var det klart for at dei første kulla skal få nytte av *Framtida Junior* satsinga. Svein Olav Langåker, redaktør i *Framtida Junior* og dagleg leiar i LNK – Nynorsk kommunane, er på besøk for å halde journalistkurs for 6. trinn ved Garnes skule og Ytre Arna skule i Bergen.

– Kven veit kva ein journalist er, spør Svein Olav Langåker i plenum.

Fleire av elevane rekker opp handa. Langåker peiker på ein elev litt bak i klasserommet.

– Det er ein som skriv nyheiter, svarar eleven.

– Og veit de kva forskjellen på

I Norsk Tidend 03.22 skreiv me om nynorskprosjektet ved Garnes skule i Arna i Bergen kommune. Prosjektet, som er eit samarbeid mellom Garnes skule og barnehagane Garnes gårdsbarnehage, Kidsa Øyrane og Bogane barnehage, har som mål å auke nynorskdelene ved Garnes skule gjennom ei rekkje tiltak.

Nokre av tiltaka har vore å kjøpe inn dei same bøkene i barnehage og skule, og tettare kontakt i overgangane frå barnehage til skule. I tillegg har Bergen kommune sett av 100 000 kr til innkjøp av klassesett med *Framtida Junior* på 8 skular i Bergen kommune. I tillegg får 15



FRAMTIDIGE JOURNALISTAR? Sjetteklassingane ved Garnes skule er engasjerte i journalistkurset frå Framtida Junior.

Foto: Vemund N. Knudsen



JOURNALISTIKK: Svein Olav Langåker viser fram Framtida Junior for elevar ved Ytre Arna skule.

Foto: Vemund N. Knudsen

Nesten all statleg vitskapleg publisering på engelsk

Ein gjennomgang viser at statlege forvaltingsorgan som driv med forskings- og utviklingsarbeid i svært liten grad publiserer på norsk.

TRE FORSKARAR VED Nordisk institutt for studiar av innovasjon, forskning og utdanning (NIFU) har gått gjennom språkbruken i statlege forvaltingsorgan, som driv med forskings- og utviklingsarbeid, melder Khrono.

Det går fram av undersøkinga at ni av ti forskingsartiklar som vart publiserte ved dei 97 statlege forvaltingsorgan som driv med forskings- og utviklingsarbeid, vart skrivne på engelsk i perioden 2012–2021.

Ser ein på tala for 2021, vart 97 prosent skrivne på engelsk.

– Denne undersøkinga er eit varsku til forskingspolitiske og språkpolitiske styresmakter. Skal det vitskaplege språket vere engelsk i forvaltingsorgan som tek seg av viktige samfunnsoppgåver? spør NIFU-forskar Vera Schwach (biletet).



Ho har saman med kollegaene Henrik Karlstrøm og Silje Marie Svartefoss gått gjennom 1.200 vitskaplege publikasjonar skrivne av tilsette i forvaltingsorgan i perioden. 1.077 artiklar var skrivne på engelsk, medan 117 er på norsk.

Under radaren

Ei mogleg forklaring kan vere at talet på doktorgrader har auka sterkt dei siste åra. I 2000 vart det teke 547 doktorgrader, medan talet var 1.934 i 2020.

– Mange som tek ein doktorgrad jobbar ikkje i akademia. Dei tek med seg den akademiske tradisjonen for å skrive på engelsk. Effekten blir også forsterka av at det ikkje finst skandinavisk-språklege tidsskrift, seier Schwach.

Ho meiner situasjonen i forvaltninga har gått under radaren, og at vi har fått eit dårlegare norsk fagspråk, med engelsk fagterminologi og omsetjingar, og ein tankegang som er prega av amerikansk-engelsk kultur.

NPK

Prosjekt i Arna er i gang

nyheiter og reklame er, spør Langåker.

Elevar ved både Garnes og Ytre Arna verkar engasjerte og interesserte i det Svein Olav Langåker lar elevane intervjuje han:

– Korleis blei du journalist? Kva er det kjekkaste med å vere journalist? Kor mykje tener du som journalist? Kven er den kulaste kjendisen du har møtt, spør elevane Langåker.

– Kva går dette prosjektet ut på?

– Det er eit miljøjournalistkurs der poenget er at elevane skal læra å skriva sjølve. Gjennom prosjektet får dei også innføring i korleis skriva lesarbrev, så vel som tips til gode miljø saker å skriva om frå lokalområdet sitt.

– Så det er eit tverrfagleg prosjekt?

– Ja absolutt, det har relevans for fleire fag.

Engasjerte skular og elevar

– Opplever du elevane og skulane som engasjerte?

– Absolutt, det er veldig kjekt å vere i klassane. No har me også ein skrivkonkurranse som me vonar elevane vil vere med på, der dei beste bidraga kjem på trykk i avisa.

– Miljøjournalistkurset er støtta av Vestland Fylkeskommune, der eg har vore på ein ni-ti skular til no. På nokre av skulane har eg berre halde enkeltklassar, men andre stader har dei ønska å ha kurs for heile skulen. Så me freistar så godt me kan å få mest mogleg ut av pengane.

– Det blir også eit kurs for lærarane, der første kurs går i januar 2023. Me har tenkt å kursa nokre dedikerte «superbrukarar» som er på skulane og kan lære opp dei andre på skulane. I tillegg ønsker me å utvikle eit digitalt kurs.

Meir nynorskepengar i år

I budsjettforliket med Ap, Venstre, KrF, Sp og Høgre i Bergen, er det sett av 600 000 kr til innkjøp av nynorskbøker. Desse pengane ligg i ein pott der skulane aktivt må søkja midla sjølve. Norsk Tidend har prata med Synnøve Hjertaker, rektor ved Garnes Skule over e-post.

– Kva er det mest utfordrande med å ha nynorsk som opplæringsmål?

«Jeg håper ikke elevene som har nynorsk finner noe veldig utfordrende. Alt hos oss, plakater på veggene, beskjeder, brev fra skolen, lærebøker, biblioteksbøker, er på nynorsk.»

– Har de utfordringar med læremiddel eller tilgang på nynorske bøker i skulebiblioteka?

«Jeg vet at noen av de digitale læremidlene ligger etter med nynorsk. Og det skrives ikke like mange nynorske bøker som bokmålsbøker. De fleste bøker som blir oversatt (Type internasjonale suksesser som Harry Potter osv) oversettes til bokmål. Men vi har et rikt utvalg av god litteratur på nynorsk. Lærebøkene gis ut parallelt på nynorsk og bokmål, det er uproblematisk.»

– Kjem din skule til å søke på desse midla? Kvifor/kvifor ikkje?

«Vi har søkt og fått tilskudd de to siste årene. Vi søker nok igjen. Vi ønsker å ha et best mulig utvalg av nynorskbøker, både digitalt og på skolebiblioteket. Slike midler bidrar til det.»

– Er det noko de vil seie om situasjonen for nynorsk i skulen i dag?

«Vi prøver å ikke gjøre det til en 'big deal' (for å skrive på veldig god norsk generelt). Vi prøver å normalisere begge målformer, og vi samarbeider med barnehagene for å gjøre dette. Vi tror at jo mer «annerledes» vi gjør nynorsk, jo mindre aktuelt og naturlig blir det for barn å velge nynorsk.»

Infinitiv i nynorsk

Endå om Ivar Aasen kom frå den delen av Vestlandet som har e-infinitiv i målføret sitt, valde han a-infinitiv for skriftmålet han skapte av dei norske dialektane. Og a-infinitiven var lenge den einaste i landsmålet.

No er det tydeleg at det er krefter som vil at e-infinitiven skal vera dominerande i nynorsken. Dette viser seg i siste nummer av *Norsk Tidend* i 2022. Ei oppteljing viser at 25 artiklar og notisar har e-infinitiv, medan berre 6 har a-infinitiv. Illustrasjonen under viser infinitivendingane i norske dialektar.

Professor Didrik Arup Seip (1884–1963) fann i si tid ut at om lag 65 prosent av folkesetnaden hadde a- eller kløyvd infinitiv. Om dette ikkje stemmer i dag, so viser illustrasjonen til høgre noko liknande, og a-infinitiv stend sterkt i nynorsken fordi nynorsk med e-infinitiv vert opplevd unaturleg eller 'kunstig' for dei mange som har kløyvd infinitiv i målføret sitt. Dei vil ha sine a-endingar i vera, gjera, leva, eta, svara osv. Infinitivutviklinga i nynorsken er difor eit naturleg diskusjonsemne i *Norsk Tidend*: Kva meiner målfolk i denne saka?

Når det skal vera mangfald,


NT INNLEGG

er det vel i alle fall naturleg og rimeleg at nynorskbrukarar fylgjer dialekten sin når det gjeld infinitiv: A-infinitiv, kløyvd infinitiv eller e-infinitiv. Då vil ikkje e-infinitiven dominera slik han gjer i dag, og nynorsken vil halda meir på sin eigenart.

Når eg nemner dette med infinitiv, vil eg 'i same slengen' nemna noko anna eg merkte meg i *NT* nr. 5. På side 7 ser eg denne overskrifta: «Bryt mållova over heile linja». Kvifor kan ikkje det sist ordet vera «lina», som er eit nynorsk ord: «Fremst han stod i lina, og rett han styrde den; frå Shetland til Mesina han skapte styresmenn». (Frå songen åt Aasmund Olavsson Vinje, «At far min kunne gjera»). Dette er eitt av mange ord som eg synest ikkje passar i nynorsken. Kvifor kan ikkje kviledagen heite 'sundag' lengre, men 'søndag'?

Det er lenge sidan eg har sett nokon debatt i *Norsk Tidend*. Eg vonar innlegget mitt kan gjeva nokon hug til å ytra seg.

HALLVARD HEGNA




Bruk av Facebook for kunngjering av tilskipingar i mållaget

Det er vorte vanleg å bruke Facebook som kanskje den einaste staden det vert opplyst om kunngjeringar til medlemmer i mållaget. Me er mange medlemmer som ikkje «er» på Facebook, av ulike årsaker. Dette fører til at me går glipp av mykje informasjon om t.d. tilskipingar. Eg personleg opplevde å lese i lokalavis at mållaget i bygda hadde hatt ei vellukka tilskiping. Det var leitt å lese, då eg hadde hatt både høve og lyst til å gå på denne. Eg har i mange år vore

NT INNLEGG

medlem i mållaget, mange år også som aktiv i styret og som pådrivar for nynorsken. No må eg innrømme at denne kjensla av «utanforskap» har sett meg på tanken om eg vil vere medlem i laget. Grunnen til at eg skriv dette som eit lesarinnlegg i *Norsk Tidend*, er at dette diverre ikkje berre er eit lokalt problem.

GUNVOR BRINGELAND



Vi tek språklova på alvor

Tilsvar til Peder Lofnes Hauge

NT INNLEGG

Språkbruk i offentleg forvaltning er eit leiaransvar. Det er eit ansvar eg som utanriksråd tek på største alvor.

Ved ein feil rapporterte ikkje Utanriksdepartementet inn tal for bokmål og nynorsk for 2021. Det beklagar vi på det sterkaste.

Vi veit òg at nynorskprosenten i departementet ikkje er god nok. Difor arbeider vi med ein plan for 2023 for å auke andelen tekstar på nynorsk. Kurs, opplæring og tilgjenge-

lege nynorskressursar er nokre av tiltaka.

I denne prosessen har både eg og kollegaene mine ein god dialog med Språkrådet, noko vi set stor pris på. Dei fører eit viktig - og strengt - tilsyn med oss. I tillegg kjem dei med gode råd om korleis vi kan arbeide meir systematisk og bli betre til å følgje opp språklova.

UTANRIKSRAÐ TORE HATTREM
Utanriksdepartementet

Vi arbeider med ein plan for 2023 for å auke andelen tekstar på nynorsk.

Utanriksråd Tore Hattrem

Takk for innsatsen, Åsmund!

I ein alder av 78 år, gav **Åsmund Snøfugl** i desember 2022 ut si siste avis som redaktør. Etter 22 årgangar i redaktørstolen i avisa *Gaula* i Melhus, har han no gitt stafettpinnen vidare til Berit Buran Juul frå Verdal.


AVIS- OG BOKBRANSJEN har vore ein viktig del av livet til Snøfugl. Han har hatt ei rekke avis- og trykkerijobbar opp gjennom åra. Mellom anna har han vore redaktør for magasinet *Bygdebrevet* frå 1968 til 1984, saman med sin far, Johan Snøfugl. Her var alt redaksjonelt stoff på nynorsk. I 1979 skipa Åsmund Snøfugl lokalavisa *Melhusbladet*, og han tok sjølv til som redaktør. I 1986 vart *Gauldalsposten* innlemma i avisa, som då fekk namnet *Trønderbladet*. Snøfugl var redaktør i avisa fram til 1996.

I 2001 skipa han den lokale vekeavisa *Gaula*. Avisa er først og fremst kjent for sitt «småplukk på side 4», som er skriven av Snøfugl. Her har han skrive småstubbbar om slekter og lokalhistoriske hendingar frå Gauldalen. Nynorsk har heile tida vore ei mykje bruka målform i avisene der Snøfugl har vore redaktør. Ekstra artig at den siste leiaren han skreiv, var på nynorsk!

I 1972 etablerte han Snøfugl forlag. Forlaget gir ut generell litteratur på begge målformene, og da helst skjønnlitteratur og dokumentarstoff. Forlaget gir årleg ut fire til seksten bøker.

Snøfugl har også skrive lokalhistoriske bøker, som til dømes *De som dro. Historia om utvandringa fra Melhus* (2000) og *Virksomme år. Biografi om Gustav Berg* (2000, skriven saman med Olve Flakne). I 2021 kom praktverket om historia til Trøndertun, *Drøm på alvor – Trøndertun 100 år*.

Eg har vore så heldig og fått samarbeide med Åsmund i mange år. Det har vore både



PÅ HEIMEBANE: Snøfugl i lokala til *Gaula* i Melhus, der Åsmund har hatt arbeidsgangen sin sidan 2001. Her har han laga avis og gitt ut bøker. Som avisredaktør har Åsmund vore oppteken av godt språk og korrektur.

Foto: Espen Tørset

ÅSMUND SNØFUGL

- Redaktør, forleggjar og lokalhistorisk forfattar som arbeider for å gjere nynorsk til eit kvardagssspråk i Trøndelag
- Fødd 17. mai 1944 på Røros. Vaks opp i Buvika og Mosjøen. Bur i Melhus i Trøndelag
- Er Cand. Mag med faga historie og fransk. Er også utdanna typograf
- Etablerte Snøfugl Forlag i 1972. Starta avisene *Trønderbladet* i 1979 og *Gaula* i 2001
- Fekk Melhus kommunes kulturpris i 1994 Er son av den kjende redaktøren og forfattaren Johan Snøfugl (1909–1984)

triveleg og lærerikt! Elleve utgåver av *Jul i Trøndelag* har blitt laga i samarbeid med Snøfugl Forlag, frå 2010 til 2021. Åsmund har også skrive i julebladet om Johan Snøfugl, og i 2019 intervjuet eg han i samband med at han fylte 75 år det året. I tillegg har vi i 15 år hatt eit samarbeid i avisa *Gaula*, der eg har fått skrive bokmeldingar og anna kulturelt stoff. Det er eg takksam for.

No når Åsmund blir pensjonist, er det lov å håpe på at han får tid til å skrive enda meir. Bøkene han så langt har skrive, og enorme mengder med redaksjonelt stoff i avisene han har drive, viser at han har ei sær god penn. Han

klarer å finne det som er interessant for lesaren, og han gjer det lettfattelig og likefram. Vi veit at han mellom anna sit med mykje materiale om far og forfattar Johan Snøfugl. Kanskje kan noko av det bli til fleire artiklar eller ei bok?

Åsmund Snøfugl har gjort ein formidabel innsats for trønderkultur og det skrivande ordet gjennom eit langt liv. Ikkje minst vil vi rette ein stor takk for innsatsen med å gjere nynorsk til eit kvardagssspråk i Trøndelag.

Trønderlaget seier takk og ønsker Åsmund lykke til med pensjonisttilveret!

ESPEN TØRSET

Meir nynorsk frå Kongehuset i 2022

I nye aktuelle saker på egne nettsider frå Kongehuset auka nynorskdelen til 21 prosent.

– **KONGEN HAR** lytta til mållaget, seier ein nøgd leiar i Noregs Mållag, Peder Lofnes Hauge (biletet).

Hausten 2021 vekte det stor oppsikt då nemnda som førebudde nytt arbeidsprogram for Noregs Mållag, foreslo at 25 prosent av talane frå Kongehuset skulle vere på nynorsk.



Arkivfoto: Noregs Mållag

Etter mykje debatt samla landsmøtet seg sidan om å stille krav til at 25 prosent av tekstane frå Slottet skulle vere på nynorsk.

– Det er tydeleg at Kongehuset har fått med seg ordsiftet i og kravet frå Noregs Mållag. Landsmøtet vårt var tydeleg på at eit kongehus for heile landet må nytte heile det norske språket, og bidra til å fremje nynorsk. Det har Slottet gjort, seier Peder Lofnes Hauge.

Også årets første nettsak på <https://www.kongehuset.no/> er skriven på nynorsk, og Peder Lofnes Hauge håpar på enno meir nynorsk frå Slottet i åra som kjem. Han trur dei kan klare å kome opp i 25 % i 2023.

Kongehuset har i motsetnad til dei fleste statsorgan ikkje eit lovfesta krav om veksling mellom nynorsk og bokmål, men mållagsleiaren er glad for at dei likevel står fram som eit språkleg førebilete:

– Tekstane frå Slottet er viktige for mange nordmenn. Nordmenn er gutar og jenter som skriv bokmål, og gutar og jenter som skriv nynorsk. Nordmenn er både dere og dykk, slår Peder Lofnes Hauge fast.

Noregs Mållag

Tusen takk! Mellom 23. november og 1. februar fekk Noregs Mållag 318 097 kroner i gåve. Det set me umåteleg stor pris på. Gåvene er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt for å sikra nynorsken betre vilkår. Vil du gje oss ei gåve, set me stor pris på det. Bruk gjerne giroen som følgjer med avisa, eller vips eit valfritt beløp til 90540. Du kan også senda IVAR50, IVAR100, IVAR300 eller IVAR500 i ei tekstmelding til tlf. 2490. **Takk!**

AUST-AGDER MÅLLAG

Scott Aanby
Anne Brit Dræge
Reidun Gilje
Jon Olav Gryting
Johannes Havstad
Olav Hoftuft
Lisbet Homme
Knut K. Homme
Gerd Fosse Hovden
John Gustav Johansen
Trygve Jortveit
Ragnar Kaasa
Jorunn Lande
Anne Liv Lidtveit
Nils Markset
Rune Nylund
Greta Inger-Marie Olsbu
Sigrid Bjørg Ramse
Olav Riisland
Astrid Stuestøl Sandkjær
Johannes G. Torstveit
Arne Tronsen
Bjørn Valborgland
Olav Vehus
Jens Vellene
Olav Torj Åkre

AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge
Marit Aarnes
Brynjulv Aartun
Ole Bjerke
Vigdís Bjørhovde
Else Petra Borkhus
Eldrid Brandvol
Jon Steinar Bredeveien
Susanne Ramstad Brenna
Ivar Bungum
Karin Damstuen
Tove De Pasquale
Ingvild Marie Eknes
Frode Erstad
Trond Olav Flo
Harald Ove Foss
Tordis Irene Fosse
Randi Therese Garmo
Berit Gonnæs
Kjell Gulbrandsen
Odin Hagen
Olav Haraldseid
Torill Heilevang
Gaute Elvesæter Helland
Marit Hoff
Bjarte Hole
Ola Holen
Helene Strand Johansen
Dag Johansen
Per Rolf Johnsen
Ola Jonsmoen
Arnfinn Kjelland
Gunvor Kjendlie
Turid Kleiva
Håvard Kleiven
Anders Jan Larsson
Ingrid Hanna Johanne Laugslet
Gunnar Lien
Asgeir Lilleås
Asbjørn Myrvang
Øyvind Nordli
Jørgen Nørstegard
Oddvar Romundset
Jørn Rødølen
Kari Rossum
Hans Sandviken
Dag Seierstad
Jakup Skjedsvoll
Arne Skuterud
Nils Steinar Slappgård

Inger Kirsten Stagrim
Arne Sund
Reidar Svare
Sverre Sørbø
Reidun Ramse Sørensen
Aud Søyland
Ola Tronsmoen
Lars Ullgren
Olav Veka
Magne Velure
Rune Øygard
Bjarne Øygarden

BUSKERUD MÅLLAG

Alma Anderdal
Niri Baklid
Tom Ragnar Berg
Tor O. Bergum
Hans Borge
Herbjørn Brennhovd
Oddmund Brevik
Per Drabløs
Sigrid Hjelmen
Lars Erik Jacobsen
Frode Kinserdal
Kristin Lindberg
Klaus Lågøy
May Johanne Molund
Odd Oleivsgard
Gro Randen
Kjell Snerte
Sigrun Torsteinsrud
Arne Oddmund Tuv
Sigurd Tveito
John-Ragnar Kvam Aarset

FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN

Ingrid Aabø
Bergfinn Aabø
Solveig Fiskvik Aamodt
Reidar Aasgaard
Ruth Amdahl
Børre Austmann
Ola Bergsaker
Leidulv K. Bergwitz
Leif Berstad
Jostein Bjørbekk
Erik Bolstad
Reidar Borgstrøm
Kari Hjørdis Brandal
Jorunn Brubakk
Hildegunn Bruheim
Hæge Marie Roholdt Brunvatne
Tormod Bønnes
Harald Dykkorn
Tove Karina Eidhammer
Martin Enstad
Kirsten Osmo Eriksen
Liv Flugsrud
Jon Folkedal
Jon Fosse
Tor Fuglevik
Anne Birgitte Gabrielsen
Tor Gabrielsen
Oddrun Grønvik
Gunnvald Grønvik
Karl S. Halse
Erik Hardeng
Anna Sigridsdatter Heen
Ola M. Heide
Sveinung Helgheim
Mildrid Helland
Audun Heskestad
Inger Karin Hjelte
Kjetil Torgrim Homme
Joar T. Hovda
Marit Hovdenak
Olav Høgetveit

Tormod Hallstein Høgåsen
Kolbjørn Høgåsen
Ingeborg Hauge Høyland
Øystein Jetne
Jens Kihl
Laurits Killingbergtrø
Rønnaug Kleiva
Dagrun Kvammen
Edvard Lauen
Torhild Leira
Tor Einar Ljønes
Trond Øivindsson Lunde
Anders Lunnan
Sjur Magnus Låstad
Jon Låte
Eldrid Midttun
Per Helge Mork
Arnold Mundal
Finn Måge
Johan Nedregård
Øystein Njål Nordang
Johan Petter Nystuen
Ivar Nagelgaard Omenås
Torgeir Ose
Anne Perstølen
Alain Egil Adrian Ramdal
Yngve Rekdal
Jan-Magne Rinde
Asbjørn Roaldset
Gunnar Rusten
Turid Rønning
Kari Rysst Seemann
Erik Simensen
Olav R. Skage
Åsmund Skard
Gunnvor Fykse Skirbekk
Synnøve Skjong
Arve Skutlaberg
Sigrid Skålnes
Asbjørn Øiestad Slettemark
Sigrid Solheim
Einar Strømnes
Anne Joronn Sætre
Ruth Amdahl
Halvor Tjønn
Asbjørn Tolsrød
Øystein Tormodsgard
Kristen Turtum
Steinar Tveitnes
Johan Kristian Tønder
Ivar Vasaasen
Werner Vesterås
Kristoffer Vestnes
Kjetil Vistad
Per Ivar Vaagland
Johannes Georg Østbø
Herlov Øverland
Kristen Øyen

HORDALAND MÅLLAG

Audhild Aldal
Torgeir Alvsaker
Arne Andersen
Ingvar Andreassen
Arnfinn Jørgen Ansoke
Anne Arneberg
Håkon Askeland
Erlend Bakke
Einar Bardal
Leidolv Berge
Maria Severine Øvstebø Berge
Arild Berge
Olav Berge
Marit Berge
Veslemøy Bergo
Kristen Bergsvik
Tone Birkeland
Ansgar Bjelland
Aurora Bjerche
Reidun Bjørnberg

Asbjørn Bjørnset
Lars Johan Bleie
Olaug Boge
Oddbjørn Borge
Trond Botnen
Arne Brattabø
Jostein Brattabø
Tor Brattebø
Elfrid Brekke
Reidar Bremerthun
Endre Otto Brunstad
Knut O. Dale
Jenny Dugstad
Torbjørn Dyrvik
Jan-Egil Dyvik
Ingunn Eitrheim
Eirik Ingolf Eldøy
Reidun Emhjellen
Yngve Endal
Magne Engevik
Øystein Erstad
Rune Fjeld
Bergit Utne Fjelde
Sverre Fjell
Erling Fjærestad
Tormod Folgerø
Harald Forland
Harald Frønsdal
Mathias Furevik
Knut Martin Fylkesnes
Torill Føyen
Berly Mjøs Giljarhus
Helge Gjernes
Paul Kåre Gjuvsland
Knut Gramstad
Endre Grutle
Solveig Grønlien
Johnny Handeland
Oddlaug S. Hansen
Kåre Johan Hauge
Kaja Haugen
Oddbjørn Haugen
Torbjørn Haukås
Åshild Haukås
Jorunn Havro
Sigbjørn Heie
Johan Helland
Bjarte Helle
Øyvind Hellesnes
Aslak T. Helleve
Aslak L. Helleve
Knut Johannes Helvik
Jan Kåre Henriksbø
Kåre Herfindal
Robert Hermansen
Kjartan Hernes
Eli Hillersøy
Marit Hjartaker
Eivind Hjelle
Liv Marit Ådnanes
Hjelmeseter
Sissel-Anny Hjelmtveit
Grete Oline Hole
Karl Johan Holmås
Arnfinn Hopland
Jon Anders Hovland
Irene Hunskaar
Daniel Hydle
Britt Høyland
Geir Instanes
Johanne Telnes Instanes
Else Jerdal
Ole-Jørgen Johannessen
Ingvild Jøsendal
Ståle Kolbeinson
Magne Kvæven
Åsta Kårevik
Ane Landøy
Åsmund Lien
Torgrim Ljønes
Torleiv Ljønes

Harald Lundestad
Torun Lyssand
Torstein Løning
Olaf Mannsåker
Frode Mannsåker
Margunn Rydland Melkersen
Benedicte Stephanie Meyer
Jostein Molde
Torgun Moltu
Leif Bjørn Monsen
Marie Morken
Lillian Morvik
Jostein Mykletun
Einar Myster
Nils Mæhle
Eldbjørg Møllerup
Amund Måge
Johannes A. Måge
Bjørn Odlaug Måge
Marit Nedreli
Margrete Dorthe Ness
Bjørn Egil Nordland
Else Helen Nornes
Egil Nysæter
Odd Jøran Oldervik
Astrid Olsen
Åse Opheim
Aud Oppedal
Anfinn Otterå
Johnny Ottar Pedersen
Jan Reidar Rasmussen
Gunnbjørg Raudstein
Borgny Reisæter
Kjetil Revheim
Lars Riise
Cecelie Rullestad
Margreta Rønning
Mette Samdal
Lars K. Sandven
Solbjørg Åmdal Sandvik
Helge Sandøy
Heidi Seilfaldet
Johannes H Sekse
Lars Sekse
Mons Ole Dyvik Sellevold
Bjarne Skarestad
Olav Johannes Skeie
Gunnvald Skeiseid
Gunnar Skirbekk
Arne Skjerven
Bjarne Skjold
Harald Skorpen
Jostein Småbrekke
Erling Småland
Ragnhild Edith Solvang
Inger Marie Stein
Arjen L H Stolk
Gerhard Inge Storebø
Rolf Sigmund Sunde
Thea Sunde
Åshild Sveinsgjerd
Ingebjørg Dønhaug Sæbø
Anne Sæland
Olav Søfteland
Kjell Gudmund Søholt
Arne Søyland
Øyvind Teigen
Svanhild Tøppe
Johan Torekoven
Torgeir Torvik
Odd Træbakken
Harry Tunestveit
Oddbjørg Ulveseth
Brit Valland
Rigmor Nesheim Vaular
Unni Urdal Vedå
Randi Vengen
Guri Vesaas
Øyvind Vevle
Erling Vikesland

Inger B. Vikøren
Ingebjørg Viste
Egil Vaage
Samson L Øpstad
Nils Ivar Østerbø
Magnus Malvin Ådnanes

KARMSUND MÅLLAG

Steinar Aalvik
Anne Elise Bakkevig
Asbjørn Djuv
Svein Ove Duesund
Elise Dørheim
Dorthea Sofie Erøy
Marit Færevåg
Trygve Handeland
Anbjørn Haugland
Torill Borge Horneland
Olav Torfinn Jondahl
Svend Kjetland
Kjell Egil Knutsen
Arne Langåker
Solveig Lunde
Leiv Karsten Medhaug
Paul Mølstre
Agnar Ståle Naustdal
Bjørn G Nedrebø
Torleiv Nilsen
Lars Gunnar Oma
Harald Orvedal
Trygve Sandvik
Knut Selsaas
Tor Sigurd Selvåg
Njål Steinsland
Ernst Arne Sælevik
Lars Sævereide
Svein Terje Vestbø

NORDLAND MÅLLAG

Kåre Belsheim
Kåre Fuglseth
Jan Hana
Tore Moen
Arne Harald Tøsse
Signe Petrine Åbergstjord

NORDMØRE MÅLLAG

Aksel Aarflot
Oddveig Olava Marie Øren Aldal
Jon Kristian Aune
Ola Bræin
Styrkåre Brørs
Arild Drøivoldsmo
John O. Dønheim
Lars Opdøl Flatvad
Marie Flemsæter
Sverre Hatle
Sigrunn Helset
Tora Kjelleberg
Liv Klaksvik
Dordi Kjersti Mogstad
Liv Måseide
Henry Opland
Rolv Sæter
Eirik S. Todal
Kirsti Orheim Ås

ROGALAND MÅLLAG

Gunnleiv Aareskjold
Torstein Aartun
Helge Alfsvåg
Sigmund Andersen
Aslaug Astad
Lars Egil Bakka
Johannes Bakka
Bjarte Birkeland
Ingebrigt Botnen
Geir Sverre Braut

Alf Jan Bysheim
Gerd Helen Bø
Margrete Dysjaland
Ellen Einervoll
Ruth Einervoll
Lars Olav Fatland
Terje Fatland
Tomas Finnvik
Anne Marie Fisketjøn
Ingrid Fiskaa
Oddvar Flatabø
Ingrid Gjesdal
Endre Gjøll
Rune Gramstad
Sigve Gramstad
Egil Harald Grude
Ranveig Gudmestad
Vigdis Gullberg
Solveig Mjølshes Hatletvedt
Lidvor Hatteland
Inge Haugland
Halvard Helseth
Tom Hetland
Rasmus Hidle
Liv Hobbestad
Kjellaug M. Hognestad
Magne O. Hope
Arvid Horpestad
Arna Høyland
Magne Jakobsen
Odd Arne Jakobsen
Anne Martha Kalthovde
Inge Kjøde
Jens Kleppa
Tore O. Koppang
Nils Ingar Korsvoll
Olav Kvernenes
Jon Laland
Hallgeir Langeland
Georg Løvbrekke
Signe Muladal
Frank Mundheim
Reidar Nesheim
Marit Ness
Lise Lunde Nilsen
Knut Norddal
Pernille Nylehn
Berit Irene Oltesvik
Inger Skretting Opstad
Åshild Osaland
Marit Osland
Esther Ndayizeye Phillibert
Siri Ramsnes
Eldbjørg Synnøve
Myklebust Ravnestad
Hjørdis Ravnås
Torleiv Robberstad
Audun Rosland
Magne A. Roth
Liv Rysstad
Atle Røe
Dagrun Røgenes
Torhild L. Rørheim
Rolf Salte
Milrid Sandve
Sigfrid Selsvik
Jostein Selvåg
Ingeborg N Skjærpe
Kåre Skår
Wenche I. Sola
Tom Soma
Torgeir Spanne
Hans Spilde
Gaute Steinnes
Olav O. Sukka
Inge Kristian Sunde
Odd Sigmund Sunnanå
Brit Harstad Sværen
Marta Sætrenes
Svein Kåreson Søyland
Tore Thorsen
Oddrun Tjeltveit
Ingvald Tjetland
Kurt Tunheim
Aslaug Marie Undheim
Jone Vadla
Knut Vadla
Ottar Vandvik
Astrid Apalset Vassbø
Reidar Vik
Atle Ingar Vold
Viggo Østebø

ROMSDAL MÅLLAG

Roger Aakernes
Ingar Aas
Henning Austigard
Dagrun Gjelsvik Austigard
Målfrid Bakken
Annlaug Berge
John Ekroll
Per Bjørn Ellingseter
Einar Gridset
Liv Jordal Tangeen
Harald Krøvel
Tor Kvadsheim
Einar M Langset
Arne Lerum
Bergfrid Færøyvik Lindøy
Martinus Løvik
Kjell Arne Nakken
Gunnhild Austlid Oppigard
Karen Os
Hanne Moldver Salthammer
Nils Sanden
Per Arne Skomsø
Svein Karsten Solbjørg
Oddmund Svarteberg
Ingar Sveen
Kathrin Villa

SOGN OG FJORDANE MÅLLAG

Tone Sognnæs Aamot
Vemund Aartun
Lise Aasen
Georg Arnestad
Helga Bakken
Ole Georg Blikås
Atle Bondevik
Eivind Brekke
Ole Reinhart Bugjerde
Nils Distad
Bjørn Eide
Arne Eikenes
Annbjørg Eikenes
Gjertrud Eikevik
Kjell Erik Eldegard
Ingebjørg Erikstad
Kjellrun Hamnes Espe
Johannes Flaten
Sverre N. Folkestad
Ottar Færøyvik
Asbjørn Geithus
Håkon S. Giil
Sigrid Gjelsvik
Olaug Bakke Gjengedal
Arne Gjeraker
Marie Godø
Magnhild Gravdal
Dagfrid Grepstad
Jon Gåsemyr
Helene Margrethe Hagenes
Margit Hovland Hamre
Oddstein Haugen
Hans Haugen
Bjarne Havro
Helga Hjetland
Ragnar Hove
Nils Husabø
Liv Husabø
Målfrid Husnes
Eiliv Sverre Hånes
Martha Systad Iden
Ingunn Kandal
Lars Kjøde
Ola Kjørstad
Torhild Solheim Klævold
Ragnhild-Lise Furnes
Korsvoll
Liv Janne Kvåle
Bjarne Kaarstad
Øystein Lavik
Bjørg Dombestein Lofnes
Jon Ove Lomheim
Rune Lotsberg
Håkon Lundestad
Sigrunn Lundestad
Svein Lundevall
Jan Helge Løvik
Terje Erik Moe
Knut Moen
Ragnhild Skogen Molde
Maryan Georgsdotter
Mundal

Kristian Nave
Olav Nedrebø
Gunnvor Ness
Julie Kristine Ness
Astrid Marie Nistad
Odd Njøs
Hilde Njøs
Arild Finne Nybø
Stein Bugge Næss
Signe Olaug Pedersen
Oddbjørn Ramstad
Tordis Randmo
Sæmund Kjetil Rindal
Henning Leiv Rivedal
Bergljot Konglevoll
Rysjedal
Signe Marie Rønnekleiv
Bjørn Rørtveit
Margot Sande
Laila Hov Sandnes
Marta Kari Schawlann
Anders Skarestad
Einar Skeie
Signe Skjeldestad
Jon Skjeldestad
Jenny Ødven Snildal
Erik Solheim
Synneva Kolle Solheim
Kirsti Solheim Stegane
Henrik Stokkenes
Irene Stokker
Magn Jarl Stubhaug
Reidun Elin Støfring
Sigrid Svartefoss
Målfrid Sværen
Gunnhild Systad
Jorunn Systad
Bjørn Sørheim
Ingrid Søyland
Jakob Thingnes
Rune Timberlid
Ragnhild Tveit
Anne Grethe Tveit
Solrun Ullaland
Oddfrid Vereide
Jens Vestheim
Dagfrid Vestrheim
Kari Vik
Lars Øyvind Vikesland
Oddhild A. Voll
Ingebjørg Voll
Wenche Wie
Ottar Wiik
Magni Øvrebotten
Vidar Åm

SUNNMØRE MÅLLAG

Inger Aarflot
Ottar Aashamar
Bernt Baltzersen
Ole Arild Bø
Norunn Margrethe Dimmen
Magne Drabløs
Atle Døssland
Marit Veiberg Eide
Oddrun Eidem
Heidi Fagna
Ann Britt Våge Fannemel
Aud Farstad
Roger Furset
Gunn Berit Gjerde
Tore Gjære
Harald Grimstad
Øystein Grønmyr
Norunn Hagen
Elisa Giskeødegård Hareide
Bodil Havåg
Jorunn H. Henriksen
Kirsten Hundvebakke
Astri Hunnes
Reidun Hunnes
Ingrid Runde Huus
Lars Innvik
Jørund Kile
Jakob O. Kjersem
Terje Kjøde
Synnøve Knotten
Jostein Korsnes
Einar Landmark
Svein Linde
Askjell Molvær
Magny Marie Nerem

Brynhild Kåra Lund Notøy
Trine Naadland
Lars Omenås
Elisabeth Opsvik
Bjørnar Osnes
John Osnes
Britt Oterholm
Johan Ottesen
Vidar Parr
Torleiv Rogne
Gunder Runde
Olga Støylen Runde
Anni Selma Rusten
Magnar Rønstad
Mariann Schjeide
Reidar Skarbø
Else Synnøve Skarbø
Nina Kvamme Slettestøl
Kjartan Snipsøyr
Jarle Solheim
Endre Standal
Kari Johanne Hunnes
Stavseng
Jan Ove Stene
Harald Sunde
Ingrun Sørås
Per Svein Tandstad
Geir Steinar Tandstad
Rolv Ukkelberg
Solveig Ulstein
Randi Flem Ulvestad
Åse Irene Vestre
Kjell Einar Vik
Jan Håkon Vikane
Sveinung Walseth
Knut Ytterdal
Øyvind Østvik
Kjell Arne Årseth

TELEMARK MÅLLAG

Sveinung Astad
Halgeir Brekke
Margit Rui Christenson
Geir Arild Djuve
Olav Rune Djuve
Tjostov Gunne Djuve
Per Espeland
Knut Espelid
Olav Felland
Gunlaug Fjellstad
Oscar Johan Garnes
Hans Magne Gautefall
Torgeir Grimstveit
Aslak Gunnheim
Asbjørn Nes Hansen
Henning Hanto
Kristian Ihle Hanto
Knut T. Haugen
Svanhild Haugen
Anders Hefre
Ragnhild Hovda
Øystein Høgetveit
Hallgrim Høydal
Margit Ims
Arne-Birger Knapskog
Eilert Kvernes
Erling Langleite
Halvor Løken
Tove Løyland
Aud Manheim
Sigrun Garvik Moen
Hilda Helene Neset
Jakob Olimstad
Jan Terje Olsen
Inger Helene Olsnes
Olav Rovde
Anne Ingebjørg Ruth
Per Skaugset
Gunvor Solberg
Dag Halvdan Straume
Alv Halvor Straumstøyl
Einar Leiv Søreide
Tone Telnes
Olav Tho
Anne Elise Thorvaldsen
Torkjell Tjønn
Alf Torbjørn Tveit
Kari Tveit
Bjønn Tveito
Borgny Sletteemoen Tøfte
Margit Verpe
Halvor Øygarden

TROMS OG FINNMARK MÅLLAG

Per K. Bjørklund
Terje Christoffersen
Terje B. Dahl
Bjarne Eilertsen
Torgeir Engstad
Eldbjørg Gjelsvik
Kjell Heggelund
Magne Heide
Olaug Husabø
Ellen Skjold Kvåle
Erik Lemika
Tyra V. Mannsverk
Ola Melby
Atle Måseide
Kjell-Per Nilsen
Gerd Sivertsen Prestegard
Guro Reisæter
Ingrid Russøy
Rønnaug Ryssdal
Sigrid Skarstein
Guri Skeie
Sunniva Skålnes
Jon Todal
Gunn Utkvitne
Karin Vrålstad

TRØNDERLAGET

Håvard Avelsgaard
Ivar Berg
Arne Bjørdalsbakke
Oddrun Bjørgum
Karl-Ove Bjørnstad
Mathias Bruheim
Lars Daling
Olaug Denstadli
Inger Ertsås
Tore Fagerhaug
Ola Stuggu Fagerhaug
Jan Finjord
Helge Fiskaa
Svein Arild Fjeldvær
Margit Flakne
Arne A. Frisvoll
Anders Gjelsvik
Oddbjørn Gorsetbakk
Gunhild Grue
Jon Grønli
Lars Eirik Havdal
Kjellrun Hersund
Astrid Hoem
Ola Huke
Kjell Håve
Sigrid Haavik
Inger Sandvik Jarstein
Svein Jørum
Olav Kuvås
Per Knut Kvande
Jens Loddgard
Geir Lorentzen
Bjørg Lund
Lars Kolbjørn Moa
Håvard Moe
Tore Moen
Idar Næss
Solveig Otlo
Mimi Bruskeland Oust
Herman Ranes
Olaug Reitås
Narve Rognebakke
Helge Rypdal
Ragnhild Saur
Rutt Olden Skauge
Åsmund Snøfugl
Arne Solstad
Odd Sigmund Staverløkk
Per Johan Sæterbakk
Svein Bertil Sæther
Sverre Svåreid
Jan Sørås
Brit Tanem
Torbjørn Trånemæl
Harald Vik-Mo
Ann-Merethe Voldsund
Beret Wicklund
Aa. Bjørgum Øwre

VALDRES MÅLLAG

Toralf Baldersheim
Inger Solveig Bøe
Ola Fosheim

Ottar Haugen
Ove Haugen
Ingunn Hommedal
Frank Tommy Jacobsen
Gerd Kvam
Bjørg Lerhol
Anders Lunde
Torodd Lybeck
Kjell Øystein Myhre
Nils Rogn
Ragnhild Solberg
Marit Eltun Svendsen
Anne Ingeborg Terningen
Per Gunnar Veltun
Kari Bø Wangenstein
Ambjørg Westerheim
Berit Matre Ødegaard

VEST-AGDER MÅLLAG

Tove Berulvson
Kjell Byremo
Anne-Berit Erfjord
Betsy Folkvord
Randi Lohndal Frestad
Vigleik Frigstad
Bernt Gautestad
Astrid Marie Gavlen
Øyvind Grov
Magne Heie
Kjell Erling Håland
Ola Reidar Haaland
Oddvar Jakobsen
Alf Georg Kjetså
Solveig Stallemo Lima
Tom Arnt Lindeland
Målfrid Lindeland
Nils Salvigsen
Asbjørn Stallemo
Odd Werner Sørensen
Leiv Torstveit
Gunnar Vollen
Ivar Åmlid

ØSTFOLD MÅLLAG

Kjetil Aasen
Asgeir Bjørkedal
Eiliv Herikstad
Per Thorvald Larsen

YRKESMÅLLAG

Kjellfrid Bøthun
Anne-Marie Botnen
Eggerud
Morten Elster
Elise Sundfør Erdal
Kristian Hagestad
Anders Bøyum Halvorsen
Sissel Hole
Eirik Holten
Rønnaug Kattem
Birgit Oline Kjerstad
Kåre Lilleholt
Anne Lognvik
Kjell Harald Lunde
Torgils Lægred
Arne Exner Nakling
Borge Otterlei
Halldis Stokke
Lars Helge Sørheim
Odd Einar Sørås
Harald Thune
Turid J. Thune
Sigrid Tyssen
Birger Valen
Vidar Ystad

BEINVEGES INNMELDE

Jan Gaute Buvik
Edmund Elvebakk
Jorunn Eriksen
Egil Andreas Helstad
Ole Henriksen
Johannes Hjønnvåg
Sverre Kulstad
Kjellaug Larsen
Magni Sandal
Gro Einrem Volseth

- 1 Kva heitte romanen Tarjei Vesaas debuterte med?
- 2 Kor mange romanar inneheld syklusen *Dansen gjennom skuggeheimen* av Kristofer Uppdal?
- 3 Om lag tre prosent av det norske landarealet er jordbruksareal; kva kultur bruker størst del av dette arealet?
- 4 Kva er den nest største jordbrukskulturen målt i areal?
- 5 Kven oppdaga øya Spitsbergen – og med det Svalbard?
- 6 I 1911 kom Roald Amundsen til Sørpolen – kva heiter det islagde havet som var utgangspunkt for ekspedisjonen mot polpunktet?
- 7 Kva er det aller minste molekylet som finst?
- 8 Kva kjenneteiknar ei organisk sambinding?
- 9 Kvar i all verda kjem ordet tabu frå?
- 10 Kor stor del av det norske språket i dag er lånord?
- 11 Kva heiter dei to svaneartane som hekkar i Noreg?
- 12 Somme stader kallar dei dyret for *furulus*. Kva siktar dei til?
- 13 Om lag kor mykje blod sirkulerer i årene til eit vaksne menneske?
- 14 I kva organ i kroppen finn du nefrona?
- 15 Kva heiter traktaten som innførte omgrepet Den europeiske unionen?
- 16 Kva norsk konge var gift med prinsessa Ellisiv av Kyiv?
- 17 Fire skodespelarar gir liv til Edvard Munch i filmen *Munch*; kven spelar Munch som åttiåring?
- 18 På kva planet voks Luke Skywalker opp i *Star Wars*-universet?
- 19 Kva heiter det høgaste kjende fjellet i solsystemet vårt?
- 20 Er det mest mørk materie eller synleg materie i universet?

- 1 *Menneskebonn*
- 2 10
- 3 Grovfor (gras)
- 4 Korn
- 5 Willem Barentsz
- 6 Rosshavet
- 7 Hydrogenmolekylet (to hydrogenatom)
- 8 Ho inneheld karbon.
- 9 Tonga i Polynesia
- 10 Om lag ein tredel
- 11 Songsvane og knoppsvane
- 12 Fuglekonge
- 13 4–6 liter
- 14 I nyrene
- 15 Maastriht-trakten
- 16 Harald Hardråde
- 17 Anne Krigsvoll
- 18 Tatoiine
- 19 Olympus Mons (på Mars)
- 20 Mørk materie



PÅ REISEFOT: Nynorsk kultursentrum besøkte fleire kommunar enn Riksteatret i 2022. Det gjer oss til ein ekte landsdekkjande kulturinstitusjon, seier direktør Per Magnus Finnanger Sandsmark. Foto: Nynorsk kultursentrum

Besøkte over hundre kommunar i fjor

Nynorsk kultursentrum besøkte 104 kommunar over heile landet med arrangement og utstillingar for barn og vaksne i fjor. Det er rekord.

NYNORSK KULTURSENTRUM, musea for skriftkultur, var til samanlikning innoom 78 kommunar i 2020 og 54 i 2021. Kulturinstitusjonen med verksemdene Hau-

gesenteret i Ulvik, Vinjesenteret i Vinje og Aasentunet i Ørsta besøkte i 2022 fleire kommunar enn Riksteatret, fortel ein fornøgd direktør Per Magnus Finnanger Sandsmark i ei pressemelding.

– Dette gjer oss til ein ekte landsdekkjande kulturinstitusjon. Få, om nokon andre, kulturinstitusjonar er til stades i fleire norske byar og bygder enn oss, seier Sandsmark.

Nynorsk kultursentrum hadde elles så mange som 35 968 gjester på

eige formidlingstilbod i 2022, ifølgje førebelse tal. Det er meir enn 10 000 fleire gjester enn i 2021. Utleige og vandreutstillingar kjem i tillegg.

Nynorsk kultursentrum fullførte i fjor også overføringa av innhald frå det tidlegare oppslagsverket Allkunne til Store norske leksikon.

– Fleire har fått tilgang til godt innhald om og på nynorsk. Det er godt for framtida for nynorsk skriftkultur, seier Sandsmark.

NPK

Vil ha minoritetsspråka inn i ny boklov

KULTURRÅDET OG SPRÅKRÅDET vil ha minoritetsspråka kvensk, romani og romanes inn i den nye boklova.

Hovudformålet med den nye boklova, som er under utarbeiding i Kultur- og likestillingsdepartementet, er å sikre at det blir skapt ein mangfaldig norsk litteratur på bokmål, nynorsk og dei samiske språka og at denne er tilgjengeleg for alle i Noreg.

Likevel er ingen av minoritetsspråka med i lista over språk som er foreslått skal gjelde i den nye boklova. Grunngevinga er at det er for lite litteratur skriven på desse

språka og marknaden er minimal. I eit debattinnlegg har rådsleiar Sigmund Løvåsen i Kulturrådet og direktør i Språkrådet Åse Wetås teke til orde for at minoritetsspråka må omfattast av den nye boklova, skriv NRK.

Løvåsen seier dei ser det som naturleg at også bøker på minoritetsspråka er inkluderte i boklova. At det finst lite litteratur gjer det ekstra viktig. Det vesle som finst og som skal givast ut, må bli ein del av rammeverket som resten av litteraturen er under, seier han.

– Det handlar om at han skal gjerast tilgjengeleg i butikkar, nettbutikkar og strøymetenester for lydbøker sånn at han kan nå ut til dei lesarane som finst, og som er interesserte, seier Løvåsen til NRK.

Løvåsen og Wetås viser i innlegget til den språklova som gjeld frå 1. januar i fjor. Den slår fast at kvensk, romani og romanes er kulturelt og språkleg likeverdige med norsk. Det offentlege har eit særleg ansvar for å verne og fremje desse språka.

NPK

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek vert ein del av Nasjonalbiblioteket

NORSK LYD- OG blindeskriftbibliotek har byrja prosessen med å slå seg saman med Nasjonalbiblioteket.

Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek (NLB) er eit bibliotek for menneske med funksjonsnedsetjingar som gjer det vanskeleg å lesa vanlege

bøker. Dei låner ut lydbøker, e-bøker og bøker i punktskrift. No vert NLB ein del av Nasjonalbiblioteket.

– Målet er eit endå betre tilbod til målgruppa. Nasjonalbiblioteket skal vera eit nasjonalbibliotek for alle, også for dei av oss som har vanskar med å lesa vanleg tekst,

seier kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen i ei pressemelding.

NLB tok sjølv initiativ til å verta ein del av Nasjonalbiblioteket. Samanslåinga inneber ikkje noka endring i kva NLB skal driva med.

NPK



Vask er naudsynt

Optima pH4 Hudvask

gjer at huda tåler hyppig vask utan å tørke ut.

- unik kombinasjon av alginat og organiske syrer
- inneheld mjukgjerande hudpleieingrediensar

pH 4 førebygger hudplager og bevarer den gode bakteriefloraen.

Utan parfyme. Låg pH.



Scan for
meir
produktinfo



Dette studieåret har me endeleg fått ein større debatt om stillinga til det norske fagspråket. Om det gjeld undervising, forskning eller vurdering, er det avgjerande at norsk held fram med å vere det **sjølvsgate førstevalet** for alle institusjonane for høgare utdanning. No krev me at sektoren tek ansvar.

LEIARSPALTA



TOBIAS CHRISTENSEN EIKELAND
Leiar i Norsk Målungdom

Endå ein nynorsk-robot, eller?

NOREGS MÅLLAG HAR eit viktig oppdrag i å fremje og styrkje nynorsk som eit fullverdig språk i Noreg. Derfor er det spennande å få vite om ChatGPT, eit KI-system utvikla av OpenAI, har den krafta som trengst for å skrive naturleg nynorsk.

ETTER TESTING VISER det seg at ChatGPT har ein solid forståing for nynorsk grammatikk, rettskriving og ordval. Systemet er i stand til å generere tekstar som lesast naturleg for nynorskbrukarar. Men, det er viktig å huske på at ChatGPT blir forma av sine dataopplæringar, og vil reflektere dei holdningane og verdiane som finst i datamaterialet den har lært.

DET ER EI utfordring å oppretthalde skilnaden mellom nynorsk og bokmål når det gjeld tekstgenerering. Dette skyldast at ChatGPT har lært av ei stor datamengd, og ofte blandar element frå begge språk. Difor er det viktig å ha ei kritisk haldning når me les tekstar generert av ChatGPT, og å vere bevisste på at systemet ikkje nødvendigvis genererer nynorsk i samsvar med alle nynorske reglar og verdier.

LIKEVEL TRUR ME at ChatGPT har eit stort potensial for å bidra til å fremme nynorsken. Me håpar at med tida vil systemet bli endå betre til å skilje mellom nynorsk og bokmål, og at det vil bli ein endå meir effektiv hjelp for å bevare og styrkje nynorsken.

Så, la oss ta i bruk ChatGPT for å styrkje nynorsken vår! Saman kan vi få nynorsken vår til å skine som aldri før!

DEI FLESTE HAR nok høyrte om ChatGPT dei siste par månadene. Det har vekt stor åtgåum hjå mange, og allereie må lærarar ta omsyn til at dette verktøyet finst. Kanskje må til og med eksamen endre form for å kunna ha nokon verdi. Sjølv har eg vore skeptisk, men har vore svært overraska over resultatane. Det er eit alt-mogleg-verktøy som er gøy å bruke. Eg ønskte å finne ut av kor godt det skriv nynorsk. Og resultatet har du allereie lese. Faktisk er heile teksta ovanfor (før streken) skriven av ChatGPT.

EG SPURDE OM å få «ei tekst på 400 ord til avisa *Norsk Tidend*, som er medlemsavisa åt Noregs Mållag, som kjempar for nynorsk. Ho skal handle om kor godt ChatGPT kan skrive tekst på nynorsk.» Teksta er ikkje korrekturlesen, så teksta står som ho kom frå maskina, og me ser at ChatGPT er i eit sjølvikkert humør når me får høyre at det «har ein solid forståing for nynorsk grammatikk». Atterhaldet om samanblandinga av nynorsk og bokmål kom fyrst etter at eg lurte på kvifor det var så mykje feil, men det er kor som er, godt resonert.

EG VART POSITIVT overraska over at ChatGPT kunne produsere nynorsk tekst i det heile, men konklusjonen min blir nok likevel diverre at det ikkje er godt nok enno. Det er eit artig verktøy innan mange felt, mellom anna programmering og idémyldring, men det er mange småfeil og mange bokmålsord. Lærarar kan gjerne nytte det med dei nemnde atterhalda, og vil saman med undervisningsopplegget om KI og ChatGPT til tenk.faktisk.no (sjølve undervisningsopplegget er berre på bokmål) kunna vera ein god læringsressurs.



AKSJONERER FOR NORSK: Målungdommen har tatt initiativ til ein kampanje for norsk fagspråk i mars, fortel Jógvan Helge Gardar. Foto: Vemund N. Knudsen

La oss studere på norsk!

NORSK SOM FAGSPRÅK er under press på mange felt, både innanfor institusjonane og utanfor.

Tilstandsrapport for høgere utdanning 2022 syner at norsk som undervisningsspråk er på veg ned på alle fagfelt. Samla sett er nedgangen per student på ni prosentpoeng frå 2012 til 2021, men i nokre fag er endringa langt større. I humaniora har norskdelen gått ned frå 91,7 prosent til 80,4 prosent, medan naturvitskapane har ein reduksjon frå 80 prosent til 62,3 prosent. Av alle emne vart under tre fjerdedelar underviste på norsk i 2021.

På masternivå er tala endå lågare. Frå under 10 prosent på 80-talet, er andelen engel-

ske masteroppgåver no snart oppe i halvparten. Men også her er variasjonen stor mellom institusjonane. På Handelshøgskulen BI skriv berre 4 prosent masteren på norsk, medan både NTNU og NHH ligg på 30-talet. På alle dei store universiteta leverer no meir enn ein tredjedel oppgåva på engelsk.

Det same nedslåande inntrykket får ein av ein ny rapport om norsk fagspråk frå Språkrådet og Universitetet i Bergen. Hovudfunna er at det finst manglar over heile fjøla: Det er lite karrierefremjande å skrive på norsk, noko som gjer at det vert nedprioritert på mange fagfelt. Det er kultur for å oppmuntre kollegaar til å

skrive engelsk, men ikkje norsk. I tillegg er det stor mangel på norsk terminologi. I kjølvatnet av rapporten har departementet varsla ein ny handlingsplan. Det lyt stillast høge krav til arbeidet frametter.

Det finst sjølvsgate gode argument for å skrive engelsk i nokre samanhengar, men me meiner at grunnlaget ofte er for tynt, og at det er til skade for studentane, den akademiske fellesskapen og samfunnet elles.

I mars gjennomfører me i Norsk Målungdom derfor kampanjen *Student på norsk*. Målet er å gjere politikarar, tilsette og studentar medvitne om rolla høgare utdanning spelar for det norske språket. Når norsk, både bokmål og nynorsk, tek stadig mindre plass på universitet og høgskular, meiner me at språkfellesskapen vår mistar noko. Posisjonen til det norske språket er ikkje gjeven, men må forsvarast. Eit statsberande språk må kunne brukast på alle samfunnsfelt, i alle samanhengar, og til alle føremål.

JÓGVAN HELGE GARDAR

Eit statsberande språk må kunne brukast på alle samfunnsfelt, i alle samanhengar, og til alle føremål.

Nynorsk har frå byrjinga av vore eit yrtingsfridomsprosjekt. Historia om dette prosjektet kan fortelja oss mykje om eit emne Ytringsfridomskommisjonen har oversett, nemleg **sambandet mellom språk, makt og fridom.**

Ytringsfridom skal det vere



Foto: Privat

MED HJELP FRÅ Ivar Aasen vil eg her gi nokre ansatsar til korleis me kan setja omgrep på dette sambandet. Ytringsfridom var ikkje berre ein føresetnad for at Aasen kunne utvikla og ta i bruk det nye landsmålet. Ytringsfridom var også ein sentral del av grunngevinga for prosjektet: fridomen til å kunna bruka eit språk som er eins eige, som speglar kven ein er, og som ikkje er pådytta utanfrå. Ved å gi folket eit skriftspråk med røter i talemål og erfaringar frå heile landet har prosjektet nynorsk utvida og utjamna yrtingsfridomen i Noreg.

Faktisk var yrtingsfridom allereie eit sentralt tema i den første teksten Ivar Aasen gav ut på det nye landsmålet. I «Samtale mellem to bønder», prenta i *Morgenbladet* i 1849, let Aasen to namnlause bønder samtala om dei politiske omveltingane i Europa på denne tida. Den eine bonden har lese avisene. Den andre spør og grev. Saman analyserer og reflekterer dei over situasjonen. Dei har det som i Grunnlova heiter ei «open og opplyst offentlig samtale», som skal bidra til «sanningssøking, demokrati og den frie meiningsdanninga til individet».

Tilbake til temaet for samtalen. I land etter land på kontinentet hadde folket reist seg mot styresmaktene med krav om fridom og like rettar. Rota til problema, slik bøndene ser det, er at styresmaktene ikkje har lytta til folket. I staden har dei lagt lok på yrtingsfridomen, men resultatet vart berre at det kokte over. I Noreg hadde styresmaktene vore lurare, og difor var det heller ikkje trong for noko opprør her til lands: «den Friheiti, som andre Folk hikar aa trøyter seg ette, henne heve me alt havt i lang Tid.»

«Trykkefrihed bør finde Sted»

Den «Friheiti» som bøndene snakka om, var sjølvsgadt den som kom med grunnlova frå 1814, og som blant anna slo fast (i § 100) at «Trykkefrihed bør finde Sted». Det var radikalt for si tid, men ikkje utan føredøme. Allereie i 1766 hadde Riksdagen i Sverige, inspirerte av opplysningsfilosofane som tala for likskap og toleranse, vedteke å avskaffa førehandssensuren med sin «Tryckfrihetsförordning». Fire år seinare blei Danmark-Noreg det første landet i verda som lovfesta ein uavgrensa trykkefridom.

Trykkefridomstida førte til ein boom av publikasjonar (rett nok av temmeleg varierende kvalitet). I Noreg kom blant anna ei rad utgjevingar med kritikk av danskeveldet og krav om større nasjonal sjølvstende.

Nye maktthavarar såg fort at dei stod i fare for å mista kontrollen over kva folk tenkte, meinte og uttrykte. Dei konkluderte med at fridomen hadde gått for vidt, og frå 1772 blei trykkefridomen gradvis stramma inn både i Sverige og i Danmark-Noreg. I 1799 var sensuren tilbake her til lands. Også i Frankrike, der yrtingsfridomen var blitt knesett gjennom Erklæringa om menneske- og borgarrettar i 1789, var skruen gradvis og kraftig blitt stramma til. (Som Aasen skreiv i sin satiriske «Lovtale yver Culturen»: «D'er no gamall Observance / at for mycket Tolerance / berre vekkjer Arrogance / Polemik og Repugnance.»)

Denne politiske utviklinga var bakteppet då Eidsvollmennene gjekk inn for at «Trykkefrihed bør finde Sted» i den nye, norske nasjonen: Dei ville tilbake til ordninga som gjaldt før gjeninnføringa av sensuren i 1799, og som hadde vore så viktig for framveksten av den nasjonale tanken i Noreg.

Den nye grunnlova blei dermed ei av dei mest liberale i verda for si tid – og ulikt i andre land, der konservative og autoritære straumdrag vann fram, stod den norske yrtingsfridomsparagrafen seg over tid. Paragraf 100 i grunnlova, den om yrtingsfridom, stod urørt i bortimot 200 år – til Stortinget i 2004 vedtok ei lovbrigde etter framlegg frå den førre yrtingsfridomskommisjonen. (Setningane om ein «open og opplyst offentlig samtale» og så vidare, sitert ovanfor, kom inn då).

Men i dette ligg det òg ei anna historie. Heilt fram til 2014 var den norske grunnlova ikkje skriven på norsk, men på arkaisk dansk – paradoksalt nok, kanskje, med tanke på grunnlova si rolle i å frigjera oss frå danskeveldet. Det fortel om at Noreg er eit land som fekk pådytta eit språk og eit styre utanfrå, og som har strevd lenge med å finna sin eigen plass og identitet. Dette òg hadde Ivar Aasen mykje å seia om.

Grunnlaget til fridom

Han meinte nemleg ikkje at alt var såre vel med «Friheiti» i landet. Rett nok hadde me ikkje fått ei autoritær vending i politikken, slik ein hadde sett i andre land, der folket hadde vendt seg mot styresmaktene. Men i fleire tekstar gir han uttrykk for at den grunnlovsfeste yrtingsfridomen ikkje var tilstrekkeleg. Den gav ein formell fridom som var viktig nok – men så lenge folk blei pådytta ein kultur og eit språk som ikkje var deira eige, var ikkje fridomen reell og meiningsfull.

I «Ettersleng til 17de Mai» spør han om folket i samtida verkeleg kunne kalla seg frie. «Fær du klæda deg som du vilde, og fær du tala og kveda som du vilde? Nei, Granne, du kann gjerna kjennast ved di: du er bastad og bunden paa alla Sidor, du fær inkje røra deg utan etter Notar og Takt og Mode.» Her handlar det ikkje om statleg sensur eller rettslege sanksjonar, men om sosiale normer som i praksis legg føringar på kor frie folk er til å vera seg sjølv. Det folkelege, det norske, det som hørde landsbygda til, var rekna som noko mindreverdig, noko som ikkje var godt nok; i dette låg ein ufridom. Aasen såg noko paradoksalt i at folk feira 17. mai og heldt festalar om fridomen, samstundes som dei i ord og handling ikkje viste seg som frie folk.

Aasen kjem tilbake til temaet i «Tale fyre tome stolar», der han sirklar inn kva han meiner er «den rette Fridomen». Dette er ikkje ei fridom frå alle normer og rettelege styresmakter («Mot rett og sanning må allting vika», heiter det som kjend i «Etterstev»). Aasen vender seg syrlig mot «sjølvvalde Regjeringar av Modeherrar og Modefruer, som sitja i dei store Byom sud i Heimen og gjera Loger, um kor Folk skulo klæda seg og byrsta seg, eta og drikka, ganga og standa, heilsa og takka». Den rette fridomen handla kort sagt om å kunna vera seg sjølv, om å kunna gå rett i ryggen utan å måtta leggja av seg det ein kjenner seg heime i.

Dei «sjølvvalde regjeringane» Aasen snakkar om hadde det me i dag kan kalla ei hegemonisk makt: ei makt til å påverka verdiane og normene i samfunnet i kraft av ei høgare sosial stilling. Aasen utfordra dette hegemoniet, både gjennom det han skreiv, men endå meir gjennom språket han fann og brukte og delte. Premissen for landsmålet var at det heimlege og folkelege var godt nok, og at alle nordmenn skulle gjelda som «jamningar» både i språket og i samfunnet. Makta til dei sjølvvalde regjeringane måtte demokratiserast. For som Aasen så fint

RUNAR BJØRKVIK MÆLAND

- Født 1988, bur i Bergen.
- Kommunikasjonsrådgjevar og filosof
- Var medlem i arbeidsprogramnemnda i Noregs Måtlag 2021–2022

YTRINGSFRIDOMSKOMMISJONEN

- Ytringsfridomskommisjonen la fram utgreiinga si: NOU 2022:9 En åpen og opplyst offentlig samtale i fjor haust.
- Arbeidet har vore å utgreia «de sosiale, teknologiske, juridiske og økonomiske rammene for yrtingsfrihet i dagens norske samfunn.»
- I tillegg gir kommisjonen ei rekke tilrådingar til tiltak for å styrkja «ein open og opplyst offentlig samtale.»

sa det i «Gagnløysa»: «Dan Mann som heve Magti, fær Friheiti nog; men fær du liti Magt, fær du liti Friheit og.»

Tarjei Vesaas sette ord på dette i diktet han skreiv til 100-årsjubileet for Aasens Ordbog over det norske folkesprog: «Det går mangt eit menneske og ser seg fritt ikring for Ivar Aasens skuld / den stille og vise nedbrytaren av grenser, den rolege og sikre oppbyggaren i eit folk / Det klåre ljuset attved sanningane, med bod om kven vi er, og kva vi sjølve har, og at vi alle bur her.»

Open og opplyst offentlig samtale?

Ytringsfridomskommissjonen som la fram si utgreiing om stoda for ytringsfridomen i Noreg i august i fjor («En åpen og opplyst offentlig samtale», NOU 2022: 9) har ikkje heilt oversett denne historia. Dei nemner henne som døme på at ei gruppe har tilkjempa seg «retorisk medborgarskap» - eit omgrep dei har henta frå UiB-professor Anders Johansen. Det er eit godt omgrep, som ymtar om at det å kunna delta i ein offentlig samtale på lik line med andre borgarar har nokre strukturelle føresetnader.

Men kommissjonen går ikkje vidare i analysen av språket som vilkår og medium for ytringsfridom. Som språkdirektør Åse Wetås med fleire peika på, tematiserer ikkje kommissjonen språk i det heile. Språkhaldningar og språklege barrierar er ikkje drøfta som emne i rapporten, sjølv om språk trass alt «er ein føresetnad for å kunna ytra seg», som Wetås sa; «Kommissjonen har ikkje sett på dei reelt ulike kåra folk har til å ytra seg på sitt språk i Noreg i dag» (*Norsk Tidend* nr. 4, 2022).

Rett nok har det skjedd mykje sidan Aasen si tid. Dansken er blitt til dansknorsk eller «bokmål», som gir plass til eit større norsk ordtilfang og meir folkelege uttrykksmåtar. Den språklege toleransen er mykje større i dag, noko nynorsken og målrørsla skal ha ein stor del av æra for. På mange måtar og i mange samanhengar er det kanskje enklare å vera nynorskbrukar enn nokon gong.

Men framleis er det til dømes svært mange nynorskelevar som byter til bokmål i løpet av skulegangen, slik Nynorsksenteret og Språkrådet nyleg har dokumentert, trass i at det har vore eit uttrykt politisk mål å hindra dette. Og framleis er det lite eller ingen nynorsk å sjå i mange av dei store riksmidia – sjølv i dei avisene som formelt har oppheva sine nynorskforbod, slik som VG.

Dette kan tolkast som at folk har frie val, og at dei brukar fridomen sin til å velja bort nynorsk. Rettsleg sett er det i alle fall slik. Men som me har sett, er makt meir enn juss. Stoda kan òg tolkast som at det finst eit språkleg hegemoni som påverkar folk sine verdiar og val, slik at dei vil og vel noko anna enn dei elles ville gjort.

Negative haldningar til nynorsk kan i praksis vera i vegen for ytringsfridomen ved at nynorskbrukarar blir mindre trygge i møte med eit bokmålsdominert samfunn, og ved at bokmålsbrukarar ikkje får god tilgang til ytringar på nynorsk. I dag blir slike negative haldningar reproduserte, frå lærarutdannarar til lærarar til elevar

som tek med seg haldningane opp gjennom utdanningssystemet att. Skulane kjøper inn datamaskiner, nettbrett og programvare utan støtte for nynorsk, ofte grunnlagt i praktiske eller økonomiske omsyn, eller fordi alternativa rett og slett ikkje finst. Dette fortel elevane at nynorsk ikkje er noko ein kan venta å møte eller få støtte for overalt.

Ytringsfridomskommissjonen går grundig inn i drøfting av internett som «infrastruktur for ytringsfridomen». Kommissjonen peikar på at digitale plattform-selskap som Microsoft, Google og Facebook har stor makt over denne infrastrukturen, og at denne makta må møtast med motmakt – både gjennom statleg regulering og tilsyn og gjennom vaktsemd og oppfølging frå sivilsamfunnet. Det er godt sagt. Men heller ikkje her kjem kommissjonen inn på den språklege sida av problematikken, sjølv om plattform-selskapa openbert har stor makt også over språket vårt gjennom å setja rammer for kva språk me kan møte og bruka.

Norsk generelt – og nynorsk spesielt – er eit lite språk i verda. Det gjer oss sårbare når det kjem til utvikling av ny språkteknologi, som chatrobotar og taleattkjenning, fordi dei krev store mengder språkdata som er krevjande å oppdriva for små språk. Dette forsterkar presset i favør av større språk. Så lenge nynorsk og andre små språk heng etter i teknologiutviklinga, er det også lett for at dei kan bli oppfatta som rare og annanrangs, slik at negative haldningar blir forsterka.

Opp til oss

Alt dette er døme på ting Ytringsfridomskommissjonen kunne tatt opp. Når dei ikkje har gjort det, får me andre ta opp hansken, med hjelp og inspirasjon frå Aasen og dei som har følgd etter han i målkampen.

For kva er konsekvensen viss nynorsk blir ytterlegare marginalisert, både overfor bokmålsdominansen nasjonalt og engelskdominansen globalt? Språket vårt speglar erfaringar, kvardagar og måtar å sjå verda på i samfunnet der språket har utvikla seg. Det peikar tilbake på språkbrukaren og fortel ei historie om oss; det «ber bod om kven vi er, og kva vi sjølve har», som Vesaas sa det. Utan høve til å møte og bruka språket i ulike samanhengar, kan også kjensla av å kunna «sjå seg fritt ikring» gå tapt. Med færre nynorskbrukarar og mindre nynorsk-kunnskap blir samfunnet i stort fattigare på ord, seie-måtar og dermed måtar å sjå verda på. Viss det lokale og nasjonale blir oppfatta som noko annanrangs i forhold til det store og globale, kan me igjen måtta spørja med Aasen om me er frie folk eller trølar.

Heldigvis er biletet langt frå berre svart. Me har ein sterk og grunnlovsfesta ytringsfridom med djupe historiske og kulturelle røter. Denne kan me bruka til å setja våre egne ord på tilværet og til å seia frå når utviklinga går feil veg. Ny teknologi og digitale plattformer gir ikkje berre vanskar, men også moglegheiter, blant anna til å samla og dokumentera språket, til å få opp tekstproduksjonen på nynorsk og til å treffa og tala med likesinna. Me har grunnlaget til fridom; så er altså resten opp til oss.

RUNAR BJØRQVIK MÆLAND

SKRIV NYNORSK!

Viss det lokale og nasjonale blir oppfatta som noko annanrangs i forhold til det store og globale, kan me igjen måtta spørja med Aasen om me er frie folk eller trølar.

KRAMBUA

Stø målarbeidet med ein handel i Noregs Mållag sin eigen nettbutikk!



Korthaldar
kr 55.00



Kortstokk
kr 75.00



Ostehøvel
kr 250.00



Pennal
kr 75.00



Smykke
kr 600.00



Penn
kr 10.00



Drikkeflaske (termos)
kr 450.00



Tallerken og krus
kr 250.00



Musematte
kr 40.00

I nettbutikken finn du mange fleire varer og mange gode tilbod.
Send ein e-post med tinging til per.arntsen@nm.no, ring til 23 00 29 35,
eller gå inn på www.nm.no/krambua.
Hugs at lokallaga får egne rabattar om de tingar på e-post.

Porto kjem i tillegg til prisane vi har gjeve opp her.

Verdifull repetisjon frå Fløgstad

DET FASCINERANDE MED Fløgstad er at han i heile forfattarskapen har vore ideologisk konsekvent. Der Kaj Skagen i *Dag og Tid* kalla verdsanalysen til Fløgstad gamaldags og nostalgisk, vil underteikna hevda det motsette: Framtidsvisjonane Fløgstad måla fram i førre hundreår, har på mange måtar vist seg rett: Kapitalkreftene har hemningslaust breidd om seg på stadig fleire samfunnsområde og styrer meir og meir av liva våre med dei konsekvensane det har fått kulturelt, sosialt, økologisk, økonomisk og politisk.

I *Habeas Corpus* får lesaren gjennom ei titals mengde personportrett lappa saman eit verdsbilde som samanlagt viser kva som skjer når jussen tar over for politikken, og korleis juss og politikk ikkje kan skiljast frå kvarandre då «[...] domstolen verken står til høgre eller venstre i politikken, men reiser eit bolverk, [...] mot politikken, mot sjølve det politiske [...]». Gjennom lappeteppet av personar blir det trekt likskapar og overlapp mellom koloniveldet Belgisk Kongo, Nazi-Tyskland og Europaunionen. Det blir også tematisert korleis vald, imperialisme, utnytting og undertrykking ikkje er unikt for autoritære regime, men på

BOKMELDING

Kjartan Fløgstad:

Habeas Corpus

Gyldendal

Oslo 2022

mange vis er ein slags naturtilstand også i liberaldemokratiske samfunn.

Mange vil sikkert finna dette provoserande, men *Habeas Corpus* leverer briljant kritikk av rolleblandinga av kapitalinteresser og juss og korleis denne samansmeltinga gjer politisk motstand nesten umogleg: «Det store rommet mellom juss og politikk vil alltid vera uavklart og spenningsfullt. Jussen er alltid politisk, og jussen er ei form for politikk.» Det er t.d. vanskeleg å ikkje vera einig i at det er påfallande likskap mellom partijustisen i Nazi-Tyskland og den utholinga av politikk høgsterett i USA driv på med: «I USA har dollaren fått stemmerett og politisert domstolane. Alle land har sine oligarkar, i den økonomiske verdsordenen lever alle under ei svart sky». Men vel så viktig tematiserer romanen, som dei fleste andre romanar frå Fløgstad, kva som skjer når materielle analyser og klasse-

forståing forsvinn ut av det politiske medvitet og som hovudgrunnlaget for politisk mobilisering.

Romanen ville vore sterkare om han heldt fokuset på jusskritikken, som tidvis er briljant, intellektuelt haldbart og tankevekkande. *Habeas Corpus* blir nemleg tidvis for generell. Særleg mot slutten blir det kasta inn ulike hendingar og aktualitetar frå nyare tid, så som krigen i Ukraina, som ikkje bidreg nemneverdig til poenga. Det er også mykje attkjenneleg både tematisk og litterært her frå resten av forfattarskapen. Som enkeltstående verk er *Habeas Corpus* den svakaste av dei fem romanane som er komne ut frå *Grand Manila* til *Due og drone*. Trass i dette er det liten tvil om at *Habeas Corpus* kastar eit forfriskande lys over fortida og tener som ein verdifull analyse av fenomenet i samtida. Fløgstad skal ha honnør for å nytta seg av ein i hans

forfattarskap ny forteljeteknikk, det nemnde lappeteppet som han kallar prosopografi. Det er ein interessant måte å komponera ein roman på, då det gjer handlinga kollektivistisk orientert, heller enn individualistisk. Det er likevel påfallande at dei beste kapitla her ofte er dei lengste, som kapittelet om Juan Reichenau Zamora. Fløgstad er framleis best på sitt mest maksimalistiske, eller sitt essayistiske.


Noreg er heldig som har ein forfatter som insisterer på å vera kollektivt orientert, politisk engasjert, analytisk og intellektuelt utfordrande. Med *Habeas Corpus* blir det endå tydelegare at forfattarskapen til Fløgstad kanskje er blant det viktigaste – og beste – som er skrivne om den politiske røynda frå etterkrigstida, til etterverknadane av finanskrisa i 2008 og 22. juli 2011.

VEMUND NOREKVÅL KNUDSEN

Nybrote land for Tiller

CARL FRODE TILLER har dei siste to tiåra etablert seg som ein av dei fremste romanforfattarane våre. Han har særleg brukt mange sider på å utforske tilhøva mellom menneske. Med *Begynnelser* i 2017 tok han inn miljø- og naturproblema i forfattarskapen, ein tråd han følgde opp då han i haust debuterte som lyrikar.

Med *Det framande landet* inviterer Tiller til eit forsmessig taktskifte, men i innhaldet held han seg til tidsånda. Lesaren vert teken på ei rasande reise gjennom verdshistoria. Dei frie versa er lette og ledige, og gjer det enkelt for Tiller å sveipe gjennom tusenvis av år på berre eit par ord. Det skjer gjennom assosiasjonar, referansar, ofte òg dei fysiske gjenstandane, slik som pilene som flyg gjennom lufta ved enden av istida, og landar i montrar i Louvre.



BOKMELDING

Carl Frode Tiller:

Det framande landet

Aschehoug

Oslo 2022

Prosjektet til Tiller framstår med rette som ei samtidsdiagnose. Han vil syne samanhengane mellom menneske, ideologi, teknologi og naturen, særleg for å fortelje oss at notida berre er ein av eit utal augneblinkar. Soga kan starte hjå kven som helst, kvar som helst. Det er like aktuelt å starte hjå bygdeoriginalen som køyrer Amazon, som det er å lytte til slavane ved pyramidane eller dei hutrande små rundt bålet i Blomboshola.

Voluspå fungerer som ei ramme om langdiktet, men fungerer samstundes på same måte som dei øvrige tilvisingane i teksten. Endetidstatikken er enkel å kjenne att, men me får òg element frå spådommane, og iblant meir eller mindre direkte sitat. Volva dukkar opp att i samtida vår for å rope varsko om kva me gjer med verda vår. Ho får

oss til å verkeleg sjå på teikna me godt veit er der.

På den måten er kanskje ikkje sjølve bodskapen ny, men heller ei bastant stadfesting. Og Tiller gjer det på ein løynsk og leiken måte der han let bygdeoriginalen sin fyllekøyre rundt i det framande landet, der fuglane fell ferdigkokte til bakken, og Amazonas vert ruta opp som ribba på joleftan.

Og heile vegen ser ein soga sveipe forbi, fram og attende, utanfor vindauget, medan Tiller prentar inn for oss at me ikkje kan leve på utsida av historia. Ho ligg i menneskeslekta og verda rundt, uansett korleis me ter oss. Og kanskje kan det hjelpe oss til å fatte noko viktig: Det er ingenting privilegert med å leve ved enden av soga, anna enn høvet til å skode attende.

JÓGVAN HELGE GARDAR



Foto: Jannica Lovén



Foto: Privat

NASJONALT VÅRSEMINAR

Ålesund
25. – 26. mars



Foto: Privat



Nynorsksenteret



Sunnørsposten



Foto: Oskar Andersen

Foto: Bjørn Erik Lunnan

Laurdag 25. mars:

12.00 Velkomen til vårseminar ved Peder Lofnes Hauge

12.10 Kvi for valde eg nynorsk?

ved **Sunniva Relling Berg**, forfattar frå Ålesund, som debuterte med ungdomsromanen *Utfør* i 2011. I 2021 gav ho ut romanen *Lyden av to hender* for vaksne.

12.25 Nynorsken i Ålesund i dag

ved **Christine Rørvik**, kommunikasjonsjef i Ålesund kommune og **Magritt Jarlsdotter Grimstad**, nestleiar i Borgund Mållag og lærar ved Kolvikbakken ungdomsskole i Ålesund

13.00 Kva no for nynorsk i Ålesund kommune?

ved **Hanna Relling Berg**, ansvarleg redaktør i Sunnmørsposten, **Peder Lofnes Hauge**, leiar i Noregs Mållag, **Marit Nerås Krogsæter**, kommunestyremedlem i Ålesund og leiar i Møre og Romsdal Sp, eventuelt ordførar frå Sunnmøre
Samtaleleiar: **Jens Kihl**

14.30 Lønsj

15.30 Har vi han no? Ny kunnskap om Ivar Aasen

Boksamlinga etter Ivar Aasen inneheld 2500 bøker. No har Nynorsk kultursentrum gått gjennom 1000 av bøkene. Gjennom små lappar og notat i bøkene kjem det fram ny kunnskap.
ved **Stine Stennes Hovdenakk**, konservator og **Siri Beate Gjerde**, bibliotekar ved Nynorsk kultursentrum

16.45 Pause

17.30 Kva er den beste kulturpolitikken for nynorsken?

ved **Åse Kristin Ask Bakke**, stortingsrepresentant for Møre og Romsdal Ap, sit i Familie- og kulturkomiteen på Stortinget

18.00 Avslutning av seminarprogrammet

19.30 Middag på hotellet

21.00 Kveldssete: Om livet, politikken og målsaka ved Jens Kihl og Liv Signe Navarsete

Sundag 26. mars:

09.30 Nytt nynorsk bedriftsforum

ved **Monika Haanes Waagan**, dagleg leiar i Nynorsk bedriftsforum

10.00 Nynorsk i lærarutdanningane. Korleis lærarutdanningane sikrar nynorskkompetansen til studentane på 5.-10.-lærarutdanningane som ikkje har norsk som fag? Døme frå

Høgskulen i Volda, Høgskulen på Vestlandet, Oslomet og Universitetet i Sør-Aust-Noreg
ved **Ida Marie Jekteberg**, stipendiat ved Nynorsksenteret

11.00 Pause

11.15 Medan vi ventar på opplæringslova: Status for nynorske digitale læremiddel i klasserommet

ved **Arild Torvund Olsen**, frå Nynorsksenteret,

12.30 Nynorskdagen 12. mai 2023

ved **Hege Lothe**, **Frida Pernille Mikkelsen** og **Erik Grov**

12.45 Takk for no og vel heim!

13.00 Lønsj



MÅLLAGET INFORMERER

OPNE MOTIVASJONSSEMINAR

Noregs Mållag inviterer til digitale motivasjonsseminar kvar månad framover. Du kan lære om alt frå godt økonomiarbeid, nynorsk i barnehagen, Nynorskdagen 12. mai og digitale ressursar på nynorsk. Les meir og finn fram datoane på nettsidene til Mållaget.



NASJONALT VÅRSEMINAR I ÅLESUND

Noregs Mållag inviterer til nasjonalt vårseminar laurdag 25. og søndag 26. mars på Parken kulturhus i Ålesund. Overnattinga vert passande nok på Hotell Noreg!

Det blir mange emne i løpet av seminaret. Det vert opplæringslova, Ivar Aasen, nynorsk i Ålesund, nynorsk i lærarutdanningane og Nynorskdagen 12. mai for å nemne noko. Dessutan vert det bokbad med **Jens Kihl** og **Liv Signe Navarsete** med tittelen: *Livet, politikken og målsaka*.

NYNORSK DAGEN 12. MAI

I fjor vart markeringa av jamstillingsvedtaket frå 1884 ein skikkeleg opptur, så då gjer vi det til ein tradisjon! Fredag 12. mai vert det nasjonal markeringsdag. Både lokalt og sentralt i tillegg til alt internett i mellom!

NYNORSKSTIPEND

Noregs Mållag lyser ut to nynorskstipend på 50 000 kroner. Stipenda skal gå ei kvinne og ein mann med prosjekt som fremjar nynorsk på område der han frå før er lite brukt. Prispengane er ei løyving frå Kulturdepartementet og blir delt ut kvart år. Stipendet er eit arbeidsstipend og kan ikkje nyttast til ordinær utdanning eller til reiser. Søknadsfristen er 7. mars 2023.

ORGANISASJONSMIDLAR

I 2023 løyver Noregs Mållag 300 000 kroner i organisasjonsmidlar. Lokallag, fylkeslag og yrkesmållag kan søkje gjennom heile året.

NYE FLYGEBLAD

Nynorsk i skulen, nynorsk i barnehagen, nynorsk i kommunane og språkpolitikk har alle fått ny tekst og formgjeving. Dessutan har vi mykje anna fine jakkemerke og materiell. Sjekk ut krambua!

ÅRSMØTETID!

Våren er årsmøtetid i alle lag. Saknar du innkalling frå ditt lag? Er det slik at du har lyst til å dra i gang aktivitet i laget ditt. Ta kontakt med Hege Lothe på telefon 92 64 83 48.

VERVETEVLINGA 2022

Dette er dei tjue laga som verva flest heilt nye medlemmer til Mållaget i løpet av 2022. Det tyder at dei har vunne ei feiande flott bokpakke, og ikkje minst kan smykke seg med ein veldig flott tittel! Bokpakkene vert sende til leiar i laget, og vil mest truleg kome lokale born og unge til gode. Godt jobba!

Lokallag	Nye 2022
Oslo mållag	66
Bergen Mållag	39
Kvam Mållag	19
Borgund Mållag	16
Herøy Mållag	14
Giske Mållag	12
Hå Mållag	12
Odda Mållag	12
Vinje Mållag	12
Nidaros mållag	11
Bondeungdomslaget i Stavanger	9
Bærum Mållag	9
Haugesund Mållag og Ungdomslag	9
Lista Mållag	9
Løvebakken Mållag	9
Stavanger Mållag	9
Stranda Mållag	9
Tromsø Mållag	9
Tysvær mållag	9
Voss Mållag	9

1 ■ 2023
Norsk Tidend
Framhald av Fedraheimen og Den 17de Mai



NOREGS MÅLLAG

nm.no

Tilskrift:

Lilletorget 1,
0184 OSLO

Telefon: 23 00 29 30

E-post: nm@nm.no

Kontoradresse:

Lilletorget 1, 0184 OSLO

Kontonr.: 3450.19.80058

Leiar: Peder Lofnes Hauge
95 12 26 89 / peder.hauge@nm.no

Nestleiar: Synnøve Marie Sætre
92 69 53 30 / synnove.setre@nm.no

Tilsette:

Gro Morken Endresen,
dagleg leiar,
tlf. 23 00 29 37 • 95 78 55 60,
gro.morken@nm.no

Erik Grov, organisasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 30, erik.grov@nm.no

Per Henning Arntsen, økonomirådgjevar,
tlf. 23 00 29 35, per.arntsen@nm.no

Ingar Arnøy, skulemållsskrivar,
tlf. 23 00 29 36 • 97 52 97 00,
ingar.arnoy@nm.no

Hege Lothe, informasjons-
og organisasjonsrådgjevar,
tlf. 92 64 83 48, hege.lothe@nm.no

Vemund Norekvål Knudsen,
redaktør og rådgjevar,
tlf. 23 00 29 32 • 97 68 43 99
vemund.knudsen@nm.no

Frida Pernille Mikkelsen,
politikk- og kommunikasjonsrådgjevar,
tlf. 23 00 29 34 • 48 24 87 47
frida.mikkelsen@nm.no



NORSK MÅLUNGDOM

malungdom.no

Leiar: Tobias Christensen Eikeland,
Telefon: 94 89 49 69,
E-post: tobias@malungdom.no

Skrivar: Jógvan Helge Gardar
E-post: jogvan@malungdom.no
Telefon: 95 07 88 18

Kontormedarbeidar: Olav Wixøe Sveta
E-post: kontor@malungdom.no

Tilskrift: Lilletorget 1,
0184 Oslo

Telefon: 97 34 28 64
E-post: norsk@malungdom.no


Kontonr.: 3450.65.48707

Prent: Amedia Trykk
Opplag: 15 000
Abonnement: kr. 250,- per år

Annonсар:
Annonseprisar: kr 9,00,-/mm
Tillegg for tekstsíde: kr 0,50,-/mm
Spaltebreidd: 45 mm
Kvartside: kr 3 000,-
Halvsíde: kr 5 000,-
Heílsíde: kr 9 000,-
llegg til avisa: kr 1,00 pr. stk.

Alle prísar er eks. mva. Ved lysing i fleire nummer kan vi diskutere særskilde avtalar.

Stofffrist nr. 2, 2023:
3. april



Returadresse:
Noregs Mållag
Lilletorget 1
0184 Oslo

Nr. 1 • februar 2023

Norsk Tidend

Framhald av *Fedraheimen* og *Den 17de Mai*

Eg kjem til å skrive nynorsk fram til ingen hevar eit augebryn over at eg gjer det lenger.

Trine Østereng i Dagsavisen

FOR HUNDRE ÅR SIDAN

I 1884 fekk me loven om måljamstellinga [...] Men enno er det berre så som så med jamstellinga. Aldra best merkar ein dette i militærstalle. Der er landsmåle så å seia heilt utestengt. Offiserar og underoffiserar kommanderar på norsk-dansk. Eller rettare sagt – på «Aftenpost»-dansk. Og soldatane «anholder om permisjon» på «pære-dansk». Og et i «spisebrakken» - ikkje i matsalen. Og gjer alt som skal gjerast på ein eksismo etter ein dansk formular.

Militærøvinga er den verste måletarskule ein bygdeungdom kan koma i! [...]

På militærskulane våre er «dansen» heilt einerådande. Det må ei vending til i dette stykke. Ein må kunna krevja det av offiserane og underoffiserane, at dei komanderar på soldatane sitt eige mål. «Befale» sku då vera folke sine tenarar. Ikkje som no det er – folke sine herrar!

Lesarbreve i Aftenbladet, 1922

Fru Undset vilde vunne mykje um ho hadde late personane tala eit gamalvore landsmaal [...] Kor vilde ikkje replikkane paa landsmaal staatt framifraa til dei gamle orda og ordformene som ofte er nytta i «Kristin Lavransdatter»! I alle høve maatte det vore raad for forfattarinna aa nytta ei norsk folkevise i staden for ei rein dansk folkevise i den scena der norsk ungdom i 1300-talet trør songdans.

Den 17de Mai, 1922

Der skrives saa meget om at tale Landsmaal. Officerer og Lærere skal tale Landsmaal, denne og hun skal benytte Landsmaal, heder det. Men hvorledes skal igrunnen dette foregaa? Der er jo i Virkeligheden ingen der taler Landsmaal. Det er jo ikke noget levende Sprog, men en Konstruktion der vel gaar an at anvende skriftlig, men som ingen taler.

Morgenavisen, 1922

Jeg vet hvad maalfanatismen bærer i sig, og fik føle litt av den siste sommer da jeg besøkte min hjembygd i Sogn: Jeg var ingen ret nordmand, siden jeg ikke talte sognemaal eller landsmaal. Og da norskdom og kristendom for de fleste av disse mennesker er uadskillig knyttet sammen, kan man da heller ikke være en ret kristen uten aa være målmand.

Østlands-posten, 1923

PÅ TAMPEN



La nynorsken leva!

NO I NOVEMBER hadde me for andre gang inntak til Forfattarskulen. Det eg har sett til no, lovar godt for nynorsk litteratur. Forfattarskulen er nemleg ein skule for skrivande med minoritetserfaring, på nynorsk. Eit samarbeid mellom Minotenk og Samlaget.

VED FYRSTE AUGNEKAST verkar skulen som det gode hjartet, eit forsøk på å vega opp for år med manglande representasjon i litteraturfeltet. Ikkje berre er elevane våre potensielle framtidige forfattarar, dei er au framtidige kritikarar, forlagstilsette, arrangørar, omsettarar, ja du skjønner. Med Forfattarskulen tek Samlaget og Minotenk eit viktig samfunnsansvar.

LIKEVEL ER DETTE prosjektet så mykje meir enn ord som lett blir tomme, som når ein f.eks. vil ha mangfald av di det høyrst bra ut, framfor å skjønna at me blir rikare av mangfald. Det å sjå på det som allereie finst med friske auge, å vri gamle songar til nye takter. Eit av dei viktigaste møtepunkta i kulturhistoria var då slavar frå Afrika blei tvinga til Amerika og kom i kontakt med urfolk. Frå dette blei blues fødd, som utvikla seg mellom anna til jazz, r'n'b, soul og hip hop, noko av det me lyttar mest til i dag.

MIN DRAUM MED Forfattarskulen er at me skal oppleve litteratur slik det aldri har blitt skrive tidlegare, på nynorsk. Noko som fører meg over på eit anna viktig mål med Forfattarskulen: å motverka tendensane der ungdom vel bort nynorsk. Spesielt viktig er dette sidan delar av medlemsmassen til Noregs Mållag bokstavleg talt dør ut av alderdom. Me må ta grep.

MED FORFATTARSKULEN UTDANNAR me skrivande som kan inspirera fleire til å testa ut nynorsk, eller å halda på den nynorsken dei lærte på barneskulen. I dag kjennest det

mest ut som det er ein motsetning å tilhøyra ein etnisk minoritet og å skriva på nynorsk. Slik er det sjølvst sagt ikkje. Likevel, ein kjem ikkje bort frå at det er få nynorskbrukande, etniske minoritetar i det offentlege rommet. Då eg kom ut med boka mi i 2018, visste eg stort sett berre om Hadia Tajik. Det kan hjelpa å sjå andre som liknar ein sjølv nytta nynorsk i offentlegheita.

DET VIKTIGASTE FORMÅLET til ein Forfattarskule er å heva nivået til elevane, og forhåpentlegvis dytta dei på veg til å bli forfattarar. Men, ikkje alle som går på skrivekular blir forfattarar. For somme er skrivekulen nett der dei oppdagar at dei føretrekker å vera lesarar. På eit kull av ti, som Forfattarskulen, vil nødvendigvis nokon oppdaga at dette ikkje var deira drøym likevel. Somme kjem til å skriva eit heilt liv utan å komma i mål, i tillegg til den elegante setninga, er tolmod og stamina eigenskapar ein forfattar må ha. Kor mange som til slutt gjev ut, varierer sjølvst sagt frå skule til skule og kull til kull, men blir det forfattarar av halvparten eller fleire, skal me vera nøgde.

FORFATTARSKULEN ER I utgangspunktet planlagt for tre år. Det er ikkje nok til å retta opp for den kroniske mangelen på minoritetar me har i litteraturfeltet, eller til å motverka at fleire og fleire ungdommar går over til bokmål, men, det er dette me har pengar til i dag. Ideelt sett hadde skulen gått i ti år, då hadde me verkeleg sett resultat av dette arbeidet. Det tek tid å bygga opp eit godt rykte for ein skule, og det tek tid å skriva bøker. Om me ikkje får ti år, håpar eg at prosjektet i det minste blir utvida til å vara i fem år.

KJENNER DU NOKON som vil ha glede av å gå på Forfattarskulen, håpar eg du oppmuntrar dei å søka til neste år. Det kan vera siste sjanse.

THARANIGA RAJAH